

SULDAL KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: torsdag 11. februar 2021
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus, kommunestyresalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Kommunedirektøren er invitert i sak 2 - 3

SAKLISTE:

- 01/21 Godkjenning av protokoll frå møte 12.11.20**
- 02/21 Referat- og orienteringssaker 11.02.21**
- 03/21 Orientering frå administrasjonen**
- 04/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Psykisk helsehjelp»**
- 05/21 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Kritisk kompetanse»**
- 06/21 Årsmelding for kontrollutvalet 2020**

Ymse

Aksdal, 04.02.21

Tormod Skeie (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert i sak 2 - 3)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.21	01/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.11.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 12.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 12.11.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 12.11.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 04.02.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Torsdag 12. november 2020 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiding av leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 11.10 – 13.40, inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Henrik Halsne (Ap), Per Gudmund Øxtra (Sp) og Ragnhild Sukka (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Rekneskapsrevisor Tore Kristensen – Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef for helse og omsorg Grethe Jæger Anglevik i sak 22. Rådmann Øyvind Valen orienterte kort om framlegget til budsjett.
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

Rådmann Øyvind Valen orienterte kort om framlegget til budsjett i samanheng med sak 24. Utvalet v/utvalsleiar takka rådmannen for samarbeidet og ønskte han lykke til med pensjonisttilværa.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 21/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.09.20****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 17.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 12.11.20:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.11.20:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 17.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

**SAK 22/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN –
KOMMUNALSJEF FOR HELSE OG OMSORG****Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef helse og omsorg om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 12.11.20:

Kommunalsjef Anglevik orienterte om sine ansvars- og arbeidsoppgåver. Ho gjorde greie for dei ulike einingane, og korleis dei var organisert. Korona-situasjonen hadde blitt handsama på ein god måte, meinte ho. Det hadde ikkje vore mange smitteutbrot i Suldal til no.

Utvalsleiar refererte frå kommunestyret og eit spørsmål frå ordførar om den pågåande forvaltningsrevisjonen om «Miljøtenesta». Vil revisjonen også sjå på psykisk helse hos dei eldre? Utvalet meinte det ville vera til nytte å få inn dette aspektet også. Revisor noterte seg innspelet.

Utvalseiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.11.20:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef helse og omsorg om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

**SAK 23/20 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMI-
FORVALTNINGA FOR 2019 - REVISOR SI
ATTESTASJONSUTTALE****Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2019 og revisor si gjennomgang til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 12.11.20:

Revisor Kristensen gjorde greie for at i den nye kommuneloven er det krav om at revisor skal utarbeida ein forenkla etterlevingskontroll kvart år. Han gjorde greie for revisjonen sin attestasjonsuttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.11.20:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2019 og revisor si gjennomgang til orientering.

SAK 24/20 ORIENTERING OM REVISJONSPLAN FOR REKNEKAPSÅRET 2020

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar revisjonsplan 2020 frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimsrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 12.11.20:

Revisor Kristensen gjorde greie for planen og svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.11.20:

Suldal kontrollutval tar revisjonsplan 2020 frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimsrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

SAK 25/20 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 12.11.20:

Utvalet var samd om å velja «Kritisk kompetanse». Dette prosjektet er prioritert som neste prosjekt i den nye planen for forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisor blei beden om å utarbeida eit prosjektmandat til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.11.20:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Kritisk kompetanse» i neste møte.

SAK 26/20 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2021

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2021:

torsdag: 11.02, 29.04, 17.06, 09.09 og 04.11 – kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 12.11.20:

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.11.20:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2021:

torsdag: 11.02, 29.04, 17.06, 09.09 og 04.11 – kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 27/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 12.11.20

30. Statusoversyn pr. november 2020
31. KST vedtak 22.09.20, sak 45/20 Fritak frå politisk verv
32. KST vedtak 22.09.20, sak 46/20 Val av nytt varamedlem til kontrollutvalet
33. KST vedtak 22.09.20, sak 54/20 Reglementet til kontrollutvalet
34. KST vedtak 22.09.20, sak 59/20 Oppfølging av rapport «Klima og energiplan»
35. KST vedtak 22.09.20, sak 65/20 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
36. Reglement for kontrollutvalet - etter KST vedtak
37. Protokoll frå representantskapsmøte i RYMI 01.09.20
38. Innkalling til repr. møte i Haugland brann og redning IKS – 13.11.20
39. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentanter kan delta digitalt i et ellers fysisk møte
40. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalget
41. Kommunedirektøren kan ikke endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollarbeidet – svarbrev frå KMD
42. Foreløpig invitasjon til Forum for kontrollutvalg i Rogaland sin konferanse i Sandnes 25.02.21

Handsaming i kontrollutvalet 12.11.20:

Leier gjorde greie for referatsakene. Medlemmene peika på at dei ikkje var blitt invitert til folkevaldopplæringa den 03.11.20 om eigarskapsforvaltning. Utvalet meiner det er viktig at kontrollutvalsmedlemmene blir invitert til all folkevaldopplæring.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.11.20:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 30 – 42 til orientering.

YMSE

Barnevernet

Tormod Skeie orienterte frå eit møte han og Eldbjørg Sivertsen hadde hatt med eit ektepar. Paret ønskte at kontrollutvalet skulle bli kjent med deira oppleving av møte med barnevernet. Saka til ekteparet hadde starta i februar 2018. Barnevernet meinte foreldra hadde brote barnevernlova og ville nytta lova sin paragraf 4.12 (fråtakelse av foreldreansvar). Etter bruk av advokat og klage til fylkesmannen, fekk foreldra medhald på fleire punkt. Heimen var sterkt traumatisert av hendinga og hadde søkt kostnadskompensasjon frå kommunen. Kommunen hadde kome med tilbod om kompensasjon, på vilkår av at dei godtok å fråfalle retten til seinare å kunne reise krav mot kommunen.

Utvalet vil vurdere om det er aktuelt med ein felles forvaltningsrevisjon av barneverntenesta saman med Sauda i løpet av perioden.

Sekretariatet har i etterkant av møtet fått opplyst frå fylkesmannen at dei hadde tilsyn med Indre Ryfylke barnevern hausten 2017, og at det ble avdekket avvik. Tilsynet blei avslutta i januar 2020. Fylkesmannen har ikkje planlagt tilsyn med barneverntenesta i 2021.

Utvalet blei samd om å be rådmannen svara på to spørsmål til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.11.20

Suldal kontrollutval ber rådmannen svara skriftleg og orientera i neste kontrollutvalsmøte om følgjande spørsmål:

- 1. Kan kommunen fråskriva seg ansvar for ei teneste dei betalar ein annan kommune for å utføra?*
- 2. Er det vanleg praksis at kommunen tilbyr kostnadskompensasjon eller erstatning, mot at den som søker om kompensasjon/erstatning fråfell retten til å kunne reise seinare krav ?*

Neste møte: torsdag 11.02.21, kl. 10.00

Saker: orientering frå kommunalsjef oppvekst, svar på spørsmål om barnevernet, prosjektplan om «Kritisk kompetanse» og årsmelding.

Sand/Aksdal, 12.11.20

Tormod Skeie
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.21	02/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.02.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 1 – 11 til orientering.

1. Spørsmål om barnevernet v/kommunedirektøren
2. Rapport frå tilsyn med Indre Ryfylke Barnevern sitt arbeid med undersøkingssaker – Fylkesmannen i Rogaland 04.12.17
3. Avslutning av tilsyn med barneverntenesta i Indre Ryfylke – Fylkesmannen i Rogaland 27.01.20
4. Jule- og nyttårsbrev til ordførar – kopi til kontrollutvalet – frå Gerd Krisin Høivik
5. Kopi av svarbrev til Gerd Kristin Høivik – frå ordførar, dagsett 15.01.21
6. Forlik i Suldal Bad-konflikten – Suldalsposten 29.01.21
7. Statusoversyn pr. februar 2021
8. Oversyn over kostnadane til kontroll og revisjon 2020
9. Perioderapportering pr. 31.12.20 frå Rogaland Revisjon
10. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS – 13.11.20
11. Kronikk i Kommunal rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval –lokaldemokratiets vaktbikkje

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Vedk. punkt 1- barnevernet

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 12.11.20 undre sak Ymse:

Suldal kontrollutval ber rådmannen svara skriftleg og orientera i neste kontrollutvalsmøte om følgjande spørsmål:

1. *Kan kommunen fråskriva seg ansvar for ei teneste dei betalar ein annan kommune for å utføra?*
2. *Er det vanleg praksis at kommunen tilbyr kostnadskompensasjon eller erstatning, mot at den som søker om kompensasjon/erstatning fråfell retten til å kunne reise seinare krav ?*

I e-post 02.12.20 har rådmann Øyvind Valen sendt følgjande svar – deler av svaret er unntatt offentlighet jf. §13 Opplysningar som er underlagde teieplikt – Offentleglova.

Eg legg til grunn at opplysningane som kjem fram i referatet til kontrollutvalet er vurdert som opne og offentlege av kontrollutvalet sidan det ikkje framgår at møtet er lukka. Eg meiner nok at skildringa av situasjonen i referatet burde vore handsama i eit lukka møte, og vil be om at mitt svar i alle fall blir unnateke offentleg. Eg har sjølv sagt anonymisert svaret, men det vil likevel vera mange som gjenkjenner saka med utgangspunkt i det eg skriv. Skal det ligga offentleg må sitata i kursiv takast ut, men eg vil likevel be om at dei blir sendt ut til kontrollkomiteen sine medlemmer.

Dei to spørsmåla derimot, er greie å svara for i ope møte, men dersom utvalet vil leggja til grunn skildringa utvalsmedlemmer har fått av familien bør møtet lukkast.

Bakgrunnsskildringa:

Det er fleire ting i skildringa leiar og nestleiar har fått som er ufullstendig, og etter barnevernet si oppfatning svært misvisande. Det er eit viktig moment at Fylkesmannen meiner at det var rett å oppretta tilsynssak, men at det var sjølv lovbruken som var feil. Rutinane for dette er seinare retta opp i tenesta. I denne saka er det på ein måte to stadier:

Fyrst sjølv saka med tilsyn og vurdering, ei vurdering som ikkje enda med omsorgsovertaking eller tiltak. I denne perioden var det naturleg barneverntenesta som på vanleg måte var i saka, og kommuneleiingane var ikkje involvert. Kontrollkomiteen må lukka møtet dersom dei vil ta utgangspunkt i foreldra si skildring, i tilfelle ber eg om at barnevernsleiar kan delta saman med kommunalsjef. Det må i tilfelle avklarast kor langt ned i ei enkeltsak kontrollutvalet bør/har høve til å gå.

I etterkant kom spørsmålet om erstatning og dekning av kostnader. På vanleg måte var kommuneadvokaten vår involvert, slik at det var denne som gav svar. Noko blei dekket, medan noko var det avslag på. Juridisk handsaming meiner rådmannen er svært viktig for å sikra at det blir lik behandling. I denne fasen var kommuneleiing involvert, men det er naturleg at det er rådmannen i Sauda, fordi fullmaktene i vertskommunesamarbeid blir gitt til han. Underteikna var likevel informert og involvert, mellom anna ved å etterspørja svar når dette blei etterlyst av foreldre, og gjennom å ha eige møte med foreldra.

Svar på spørsmåla:

- 1. Kommunestyret i Suldal har fullt ansvar for barnevernet sjølv om det er inngått vertskommunesamarbeid. Det betyr også at kontrollkomiteen som deira organ kan be om innsyn og vedta forvaltningsrapport. På same måte har rådmannen også ansvaret. Dette har eg gjort greie for i brev til foreldra:*

2. *Det er ikkje ofte det blir gjort avtalar som ikkje direkte kan heimlast i ein opplagt rett. I forkant av dette har det vore korrespondanse mellom kommuneleiing, foreldre og kommuneadvokat, og det er betalt ut dei beløpa som ein normalt dekkar.*

Det er også gjort greie for kva tilbod som er normalt blir gitt og som barnevernet oppfattar det er takka nei til. Når det i dette tilfellet likevel blei gitt eit tilbod, så var det fordi det var eit håp om at dette kunne bidra til å avslutta saka både fysisk og mentalt. I brevet er dette grunngjeve slik:

Konklusjonen er med andre ord at det ikkje er ofte det blir gitt slike tilbod, men når slike tilbod blir gitt så ligg det ofte inne ein avtale om at dette er avslutning av saka.

Kommunedirektør og kommunalsjef vil delta i møtet for å kunne utdjupa svara, og svara på spørsmål får medlemmene.

Aksdal, 04.02.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Suldal kommune
v/rådmannen
Eidsvegen 7
4230 SAND

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
		20/474/216/ogh	18.11.20

OVERSENDELSE AV VEDTAK I KONTROLLUTVALGET

Vedlagt følger særutskrift fra møtet i Suldal kontrollutvalg 12.11.20, sak Ymse.

Kontrollutvalget gjorde følgende vedtak i saken:

Suldal kontrollutval ber rådmannen svara skriftleg og orientera i neste kontrollutvalsmøte om følgjande spørsmål:

- 1. Kan kommunen fråskriva seg ansvar for ei teneste dei betalar ein annan kommune for å utføra?*
- 2. Er det vanleg praksis at kommunen tilbyr kostnadskompensasjon eller erstatning, mot at den som søker om kompensasjon/erstatning fråfell retten til å kunne reise seinare krav ?*

Neste møte i Suldal kontrollutvalg er torsdag 11.02.21. Sekretariatet ber om å få eventuelt skriftlig materiale som skal følge saken i god tid før møtet, og senest 01.02.21.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt direkte med utvalgssekretær på tlf. 959 86 977 eller e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Med helsing
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalgssekretær

Vedlegg: særutskrift sak Ymse 12.11.20



Fylkesmannen i Rogaland

Rapport frå tilsyn med Indre Ryfylke Barnevern sitt arbeid med undersøkingssaker

Adressa til verksemda: Sauda kommune, Postboks 44, 4201 Sauda
Tidsrom for tilsynet: 10.07.2017 – 07.12.2017
Kontaktperson i verksemda: Knut Atle Seim, barnevernleiar

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for dei avvika og merknadene som blei påpeikte innanfor dei områda som blei reviderte. Systemrevisjonen gjaldt følgjande område:

- Undersøkingar i barneverntenesta
- Barn og unge si medverknad

Det blei gjort funn som ga grunnlag for eit avvik:

Sauda kommune har ikkje ei styring som sikrar at Indre Ryfylke Barnevern gjennomfører undersøkingar i tråd med lov- og forskriftskrav i alle saker.

Dato: 04.12.2017

Rapporten er utarbeida av:

Brit Espeland Nedreaas
revisjonsleiar

Trine Hove Bjørnsen
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing	3
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold	3
3. Gjennomføring	4
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn	5
6. Regelverk	6
7. Dokumentunderlag	7
8. Deltakarar ved tilsynet.....	8

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i perioden 10.07.2017 – 07.12.2017. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i dette året.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med barneverntenesta etter lov om barneverntenester § 2-3.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finner grunn til å påpeke betringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Sauda kommune har organisert si verksemd i tre tenesteområde; Helse- og omsorg, Teknisk og Oppvekst- og kultur. Indre Ryfylke Barnevern er organisert under kommunalavdelinga helse og omsorg, kor ein kommunalsjef er leiar.

Indre Ryfylke Barnevern er eit vertskommunesamarbeid mellom Sauda og Suldal kommunar, med Sauda som vertskommune. Samarbeidet starta opp 01.09.2017. Det er oppretta eit råd for samarbeid mellom Sauda og Suldal, men det er førebels ikkje utarbeidd nokon administrative rutinar for samarbeid for dette rådet. Rådet dekkjer vertskommunesamarbeid for kommunane innan barnevern og PPT.

Indre Ryfylke Barnevern er organisert med hovudkontor i Sauda og eit kontor i Suldal. Barnevernleiar og fagansvarleg har kontor i Sauda. Dei tilsette som kom frå Suldal kommune har framleis sitt oppmøte på kontoret i Suldal. Det er om lag ein time køyring mellom dei to kontora. Tenesta jobbar etter generalistmodellen, som inneber at alle tilsette jobbar med undersøking og oppfølging av ulike tiltak. Tenesta har planar om å få til ei noko meir spesialisert inndeling, men det er ikkje avgjort enno når dette skal innførast.

Det er 12.85 stillingsheimlar i Indre Ryfylke Barnevern, kor det er tilsette i alle stillingane.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 10.07.2017.

Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Gransking av mapper blei gjennomført 30.oktober 2017.

Opningsmøte blei halde 1. november 2017.

Intervjuer 7 personar blei intervjuet.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Sluttmøte blei halde 6. november 2017.

Brukarinvolvering: Det blei gjennomført intervju med ni brukarar i samband med tilsynet. Desse brukarane vert plukka ut av revisjonslaget ut ifrå tilsendte lister frå tenesta med oversikt over avslutta undersøkingar i 2017. Fylkesmannen hadde intervju med fem ungdommar og fire foreldre før mappegranskinga og intervjuet med dei tilsette i kommunen. Spørsmåla til brukarane var knytt opp til tema for tilsynet med hovudfokus på medverknad. Erfaringane frå brukarane blei nytta som informasjon inn i gjennomføringa av tilsynet i tenesta.

Erfaringane frå brukarane varierte noko, fire av dei ni som vart intervjuet hadde ei oppleving av at undersøkinga var utført på ein god måte. Alle var informert om bakgrunnen for undersøkinga og om rettane deira knytt til undersøkinga. Tre av fem ungdommar meinte dei hadde fått medverka i undersøkinga. Nokon av ungdommane meinte at barneverntenesta burde ha undersøkt meir og i større grad lytta til det som ungdommane meinte.

4. Kva tilsynet omfatta

Tema for tilsynet var:

- Barneverntenesta si undersøking av bekymringsmeldingar
 - Sikrar kommunen at det vert gjort ein tilstrekkeleg undersøking?
 - Sikrar kommunen at barn si rett til medverknad i undersøkinga er tatt vare på?
 - Sikrar kommunen at det er utført ei forsvarleg vurdering før undersøkinga vert konkludert?
 - Sikrar kommunen at undersøkinga vert gjennomført innan lovpålagde fristar?

5. Funn

Avvik 1

Sauda kommune har ikkje ei styring som sikrar at Indre Ryfylke Barnevern gjennomfører undersøkingar i tråd med lov- og forskriftskrav i alle saker.

Avvik frå følgjande lovkrav:

Bvl. § 2-1, 2.ledd, jf. Forskrift om internkontroll

Bvl. § 4-1

Bvl. § 4-3

Bvl. § 6-1, jf. Forvaltningslova

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

- Ansvar, oppgåver og mynde til å ta avgjerder i undersøkingar er ikkje tydeleg fordelt mellom barnevernleiar og fagansvarleg.
- Det er ikkje utarbeida ei stillingsomtale for fagansvarleg.
- Barnevernleiar/einingsleiar har ikkje ein oppdatert stillingsomtale.
- Det er uklart for dei tilsette kven som har mynde til å ta avgjerder. Der er og uklart kor avgjerder om ei undersøking skal leggjast bort eller om det skal settast i verk tiltak, skal bli tatt.
- Tenesta har starta på eit arbeid med å utarbeide felles rutinar for å sikre arbeidet med undersøkingar. Dei nye rutinane er ikkje gjort ferdig.
- Dokumentasjon seier at det på «barnevernmøtet» skal gjerast midtvegsevaluering i alle undersøkingar, vurdering om utviding av frist og vurdering før undersøkinga vert konkludert. Dette vert ikkje gjort systematisk. Vurderingar og avgjerder som er gjort i «barnevernmøtet» blir i liten grad dokumentert.
- Det ligg føre ei rutine for «undersøking». Denne er ikkje nytta av alle tilsette i tenesta. Det går fram av rutinen at ein kan nytta kartleggingsverktøyet «sterke og svake sider», «Kvello sin mal om risiko- og beskyttelsesfaktorer» og SDQ-skjema i undersøkinga. I tillegg ligg det føre ei «sjekkliste for undersøking» og ei «sjekkliste for 1. gangssamtalen». Det er ikkje bestemt kva for nokon rutinar/sjekklistar/kartleggingsverktøy som skal brukast av alle tilsette i tenesta i arbeide med undersøkingar. I intervju går det fram at fleire tilsette ikkje har fått opplæring i kartleggingsverktøya.
- Gjennomgang av mapper viser at det ligg føre ein plan for undersøkinga i alle saker. Planen blir ikkje brukt som eit verktøy som sikrar at undersøkinga blir gjennomført innan frist. I fleire saker er ikkje alt som er går fram av planen gjennomført og grunngjevinga for dette er ikkje dokumentert i alle sakene.
- Det går fram av intervju at det skal gjennomførast minimum to heimebesøk og minimum to samtalar med barn i undersøkinga. Dersom samtalar eller heimebesøk ikkje vert gjennomført, skal grunngjevinga for dette gå fram av rapporten etter undersøkinga. Gjennomgang av mappene viser at det ikkje vert gjennomført samtalar

med barn eller heimebesøk i alle saker. Det er ikkje i alle sakene dokumentert grunnen til at dette ikkje er gjort.

- Gjennomgang av mapper viser at det i tre saker ikkje er gjort ein tilstrekkeleg undersøking, ved at det ikkje er snakka aleine med barnet før undersøkinga er lagt bort. Det er ikkje dokumentert grunnen til at dette ikkje er gjort.
- Gjennomgang av mapper viser at undersøkinga i fire saker ikkje er gjennomført innan frist.
- Tenesta har eit system for rettleiing. Vurderingar og avgjerder som blir tatt i den enkelte sak i rettleiinga vert ikkje systematisk dokumentert i barnet si mappe.
- I dokumentet «veilederrollen» går det fram at barnevernleiar skal rettleia saksbehandlarane i tenesta med ca. 1 time per måned. Dokumentet er ikkje oppdatert. Det er fagansvarleg som har rettleiinga med dei tilsette. Det er ikkje klart i tenesta kva rettleiarrolla og sjølve rettleiinga skal innehalde.
- Det ligg føre ein opplæringsplan for nyttilsette i tenesta. Ansvar for å gjennomføre opplæringa er likevel ikkje tydeleg plassert.
- Det ligg ikkje føre ein kompetanseplan for tenesta. Kommunen sikrar dermed ikkje at alle tilsette har nødvendig kompetanse og vert tilbydd relevant opplæring.
- Kommunen brukar kvalitetssystemet «Compilo». Avvik skal meldast i dette systemet. «Compilo» er ikkje gjort tilstrekkeleg kjent for dei tilsette og det er ikkje klart for dei tilsette kva som det skal meldast avvik på.
- Det er ikkje gjennomført risikovurdering og identifisert sårbare områder når det gjeld arbeidet med undersøkingar.
- Det ligg føre eit «Årshjul for internkontroll samt andre lovpålagte oppgaver», men dette blir ikkje følgt. Dei planlagde fagdagane som går fram av årshjulet er ikkje gjennomført sidan oktober 2016.

6. Vurdering av verksemda sitt styringssystem

Kommunen er i følge forskrift om internkontroll i barneverntenesta pålagt å sikre og dokumentere korleis dei etterlever krav frå myndigheitene, jf. Bvl. § 2-1, 2.ledd. Forskrift om internkontroll inneheld spesifikke krav til styring og leiing. Krava til styring og kontroll inneber at kommunen mellom anna skal avklare ansvarsforhold, utarbeide nødvendige rutinar og instruksar for korleis oppgåve/tenesteutøvinga skal innrettast og sikre seg at tilsette nyttar seg av desse, samt at dei tilsette har nødvendig kompetanse til å utføre dei oppgåver dei er tillagd.

I tilsynet er det funnet at ansvar, oppgåver og mynde ikkje er tydeleg fordelt mellom barnevernleiar og fagansvarleg, og det er uklart for dei tilsette kven som har mynde til å ta avgjerda om ei undersøking skal leggjast bort eller om det skal settast i verk tiltak.

Kommunen si leiding skal sørge for å ha eit styringssystem som sikrar at barneverntenesta sine aktivitetar vert planlagde, organisert, utført og haldt ved like i tråd med regelverket som er gjeldande. Styring og systematikk skal sikre at det ikkje er tilfeldig at tenesteutøvinga er forsvarleg, og at det ikkje skal være enkeltmedarbeidarar som tar vare på/hand om dette.

Sauda kommune sitt styringsverktøyet heiter «Compilo». I dette systemet ligg tenesta sine rutinar og systemet skal bli brukt til å melde avvik. Tilsynet viser at «Compilo» ikkje er gjort tilstrekkeleg kjent for alle tilsette i tenesta. Det ligg ikkje føre felles/oppdaterte rutinar for undersøking og det er heller ikkje klart for dei tilsette i tenesta kva dei skal melda avvik på, utover avvik på helse, miljø og sikkerheit. Dette inneber at kommunen ikkje kan nytta avvik som eit ledd i tenesta sitt faglege forbetningsarbeid.

Indre Ryfylke Barnevern starta opp 1. september 2017. Det var alt i 2015 utarbeida ein rapport i arbeidet med å utgreie eit interkommunalt samarbeid om barneverntenesta i Sauda og Suldal. Denne rapporten peika på fleire forutsetningar som måtte vere på plass ved oppstart av eit slik interkommunalt samarbeid. Tilsynet viste at dei risikoområda som rapporten frå 2015 peika på ikkje var følgt opp av kommunen.

7. Regelverk

- FN sin barnekonvensjon om barn sine rettar av 20.11.1989
- Lov om barneverntenester
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker
- Forskrift om internkontroll i barneverntenesta

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- Brevet for oversending
- Organisasjonskart, barneverntenesta
- Beskriving av stillingar
 - Einingsleiar helse og omsorg
 - Barnevernleiar
 - Saksbehandler i barnevernet
 - Saksbehandler 2
 - Veilederrollen
- Ansvarsavklaringer i barneverntjenesten
 - Personal, økonomi og fag
- Internkontroll i barneverntjenesten i Sauda
- Rutinar:
 - Undersøkelse
 - Sjekkliste for undersøkelse
 - Sjekkliste for førstegangssamtalen
 - Bekymringsmeldinger og meldingsmøte
 - Meldingsgjennomgang
- Opplæringsplan for barneverntjenesten
- Introduksjon for nyansatte
- Barnevernmøte – sakliste og referat
- Årsmelding 2016 – Helse og omsorg

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Registrerte meldingar om avvik i perioden 01.01.2017 – 30.10.2017
- Referat frå barnevernmøter frå dei to siste månadane

Verifikasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- 11 undersøkingar som var lagd bort 1. halvår 2017
- 8 siste undersøkingar som var gått til tiltak (2. og 3. kvartal)

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om tilsyn av 10.07.2017
- Bestilling av dokumentasjon, e-post av 19.10.17
- Program for tilsynet av 18.10.17

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Rune Kloster Tvedt	Rådmann		x	x
Aina Olene Tveit	Kommunalsjef	x	x	x
Knut Atle Seim	Barnevernleiar		x	x
Hege Michalsen	Fagansvarleg	x	x	x
Christina L. Hugdal	Barnevernkonsulent	x	x	x
Åse Seltveit	Barnevernkonsulent	x	x	x
Siv Tone Iversen	Barnevernkonsulent		x	x
Tove Guggedal	Kontorfagleg saksbehandlar	x		x
Brith Starheim	Barnevernkonsulent			x

Frå tilsynsorganet deltok: Anne Mette Haukland Ziolkowski rådgjevar/jurist, Asle Hjelmen rådgjevar/vernepleiar, Trine Hove Bjørnsen seniorrådgjevar/jurist og Brit Espeland Nedreaas rådgjevar/barnevernpedagog.



Vår dato:

27.01.2020

Vår ref:

2017/8089

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Sauda kommune
Postboks 44
4201 SAUDA

Kontakt saksbehandlar

Brit Espeland Nedreaas, 51 56 87 64

Avslutning av tilsyn med barneverntenesta i Indre Ryfylke

Fylkesmannen visar til tilsyn med Indre Ryfylke sitt arbeid med undersøkingar hausten 2017 og etterfylgjande korrespondanse og oppfølging for å rette lovbrottet som vart påpeika under tilsynet.

Barneverntenesta har i perioden etter tilsynet satt i verk tiltak for å rette lovbrottet. I mars 2019 gjennomførte Fylkesmannen stikkprøver i saker som var undersøkt, og i brev av brev av 25.11.2019 gjorde tenesta greie for det siste gjennomførte tiltaka for å rette lovbrottet.

Tilsynet har og vært tema ved det to dialogmøta som er gjennomført med barneverntenesta i 2019.

På bakgrunn av funna ved stikkprøvene og tenesta sine tilbakemeldingar avslutter Fylkesmannen tilsynet.

Med helsing

Janne Dahle-Melhus
fylkeslege/avdelingsdirektør

Brit Espeland Nedreaas
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Romjula 2020

Jule- og nyttårsbrev til ordførar Gerd Helen Bø i Suldal kommune

Som fersk grunneigar for gardsnummer 134 bruk 6 ser eg meg nøydd til å senda deg eit jule- og nyttårsbrev. Me er midt inne i overtakingsfasen. Undersøkingar blir gjorde, planar blir lagde for at me skal busetja oss på Israelsneset samstundes som dei to gamle, Valborg og Trygve Høivik, skal ha heimen sin der så lenge dei vil og kan. Me gler oss over arbeidet, og me gler oss til å flytta inn, men akkurat nå i desse dagar har me blitt utsett for eit framstøyt frå ein nabo som ikkje kan karakteriserast på annan måte enn som eit åtak. Norsk Stein som er ein underavdeling av det internasjonale konsernet Mibau Stema Group er ute etter større område. Det kinkige med denne situasjonen, er at me er usikre på rolla til den politiske leiinga i Suldal kommune. Er det slik at politikarane også denne gongen i jakta på arbeidsplassar vel å la verksemda på Berakvam eta seg inn i nye naturområde? Eller har me nå fått ein politikargenerasjon som vel ein ny kurs der ein tek vare på naturen og dei demokratiske rettane til menneska som held til ved dei to fjordarmane som ser ut til å bli råka av ei eventuell utviding? Dette brevet må ikkje sjåast på som noko anna enn som eit rop om hjelp og ei bøn om avklaring.

Forhistoria:

Våren 2019 medan me sat i eigarskifteforhandlingar fekk me ein representant på døra frå Norsk Stein. Han lanserte planen om ei utviding av drifta. Prosjektgruppa såg på vår eigedom som interessant område. Dei ville så gjerne ha eit møte med oss. Me sa at me ikkje vil møta dei, men me hyra inn ein advokat som tok seg av kontakten. Advokaten vår rådde oss til å opna opp for at Norsk Stein fekk ta ein overflatisk prøve. Det var alt dei fekk. Prøven blei tatt og me høyrde ikkje meir frå Norsk Stein før desember 2019 då mor mi, Valborg Høivik 88 år, fekk utan forvarsel Odd Hotvedt på døra med ein juleblom og eit julebrev. I dette brevet skriv ein om funnresultata og prosessen vidare. Det blir sagt at ein skal inngå avtalar med dei ulike grunneigarane på nyåret. Etter dette har me ikkje høyrte noko frå Norsk Stein før onsdag 15. desember 2020 då Odd Hotvedt ringde kl. 20:45.

Den første hendinga med kommentar:

Onsdag 15. desember 2020 kl. 20:45 ringjer Odd Hotvedt. Han seier seg lei for at han ikkje har ringt før. Han legg skulda på pandemien. I forkant har han ringt mor mi, Valborg Høivik. Mor er 89 år nå og ho veit godt kva slike telefonar inneber. Ho blei uroleg.

I telefonsamtalen fortel han at Norsk Stein reknar delar av skogen vår som ein del av det nye uttaksområdet. Vår kjære og vakre Øspedal ligg midt i! Han framstiller det som eit lukketreff; her vil det i framtida bli store pengar å tena.

Reaksjonen min er svært negativ. Først av alt seier eg at det er upassande å ta opp slike spørsmål i julestrida. - Eg tenkjer at dette kan leggja negative føringar for ei julefeiring som i svært høg grad er spesiell i seg sjølv; det er covid-tid.

Deretter er eg tydeleg på at det ikkje er interessant for oss å gjera nokon avtale med Norsk Stein. Det er eit verdival tenkt ut frå sosiale, politiske, økonomiske og kulturelle

tilhøve. Valet er basert på erfaringar: Alle menneske som på ein eller annan måte er knytt til vår del av Sandsfjorden, veit kva naboskapet med Europas største pukkverk inneber! Me har mista eit viktig skjærgardsområde, Gongstø, der hamna og administrasjonsbygget til Norsk Stein ligg i dag. Denne idyllen vil me aldri få tilbake. I det ligg det ei stor sorg. Når bedrifta i tillegg årleg tek ut 12 millionar tonn sand og stein og har nesten 900 skipsanløp, er det ei underdriving å karakterisera dette som at me merkar drifta godt. Me har lært oss at utslepp av støy, støv og svovelgassar frå brutal steinindustri grip inn i liva våre på alle måtar.

Dessutan er det profilen eller merkevara Israelsneset me tenkjer på. Staden og familien som held til der skal ikkje vera med på noko som i så stor grad er til skade for oss sjølve, naboane, naturen og framtidsplanane våre. Me som held til på Israelsneset vil ikkje vera bergprofitørar! Oppdraget vårt er å forvalta området og historia på ein måte som gjer at dei som kjem etter oss kan gle seg over det på same måte som me håpar at me sjølv skal kunna gjera! I tillegg kjenner me på eit sterkt ubehag i å måtta gå inn i eit økonomisk samarbeid med eit firma som Norsk Stein og det internasjonale konsernet Mibau Stema Group. Dei går god for eit natursyn og ein form for kapitalisme me ikkje står inne for.

Etter denne telefonsamtalen, trudde me at det var gjort med det, men så feil kan ein ta.

Den andre hendinga:

Fredag 18.desember 2020 kl. 14:05 mottek eg eit e-brev frå Odd Hotvedt. I korte trekk handlar brevet om utvidingsplanane til Norsk Stein, dei geologiske undersøkingane dei har gjort og funna. Han skriv også om sjølve prosessen framover. Hotvedt bed oss ta kontakt om me har spørsmål. I same brevet ligg det eit utkast til avtale og eit kart.

Spørsmålet til Ordføraren om utspelet frå Odd Hotvedt og Norsk Stein:

Er det ikkje naturleg at det er Suldal kommune som tek kontakt med grunneigarar i slike saker? Kvar er kommuneadministrasjonen? Kvar er den politiske leiinga? Skal ein ta slike utspel frå private aktørar seriøst? Er det slik at det allereie er gjort bindande vedtak som me som grunneigar ikkje kjenner til? Sidan me ikkje har gått inn i samarbeid med Norsk Stein, sender me spørsmåla til Ordføraren.

Kommentar til kartet og situasjonen nå:

Kartet syner at me som held til i dette området går frå ein vanskeleg situasjon til ein umogleg situasjon. Støyen, støvet og svovelgassane vil krypa tettare inn på oss og dersom Odd Hotvedt får det som han vil, vil grenda vår til slutt bli omkransa av høge stup. I strekninga frå Straumberget til Indre Jårvik er det snakk om ni husstandar som er bufaste. Det gir også meining å nemna dei over 100 hyttene og fritidsbustandene. I tillegg til det kjem alle hyttetomtene som ligg klar i Suldal kommune sin arealplan. Alle med steinbroterfaring veit at konsekvensane er vidtrekkande. Støyen, støvet og svovelgassane når langt. Difor må ein rekna med at Marvik, Indre- og Ytre Åserød, Hamborgneset, Slåttå og husstandane rundt Økstrafjorden lir skade. Korleis vil dette harmonera med visjonen eller slagordet *Skattekamerset Suldal*?

Om demokratiske prosessar generelt:

Kampen for demokrati og demokratiske rettar, må kjempast dagleg på alle arenaer i samfunnet. Arbeidet for å ivareta demokratiet må gjerast i heimane, i skulen, i

helsesektoren, i kyrkjene, i næringslivet, i rettssystemet, i forvaltingsverket og sjølv sagt også i dei folkevalde forsamlingane. Og ikkje berre det; ein må minna kvarandre på at det er det me held på med slik at me ikkje mister fokus.

Om den demokratiske prosessen tidleg på 2000-talet:

I tillegg til å ha dei demokratiske ryggmargsrefleksane på plass, må politikarane ha tilgang på kunnskap og informasjon. Ein må skapa robuste diskusjonsarenaer slik at ein får fatt i dei beste argumenta. Det er nemleg dei som skal leggja føringar for samfunnsomveltingane. Undringa er difor stor når me veit at alle kommunepolitikarane gjekk inn for at det vesle steinbrotet på Berakvam skulle veksa til å bli det største i Europa. Me har forstått det slik at ikkje ein av politikarane tok dissens. Ingen av dei såg ut til å tenkja på omsynet til dei fastbuande og hyttefolket som hadde investert tid og pengar i området.

Og det er heller kanskje ikkje rart når ein ser på dei to listene over politikarar i Suldal kommune som var aktive i perioden 1999 til 2007 som er dei to periodane då ein la til rette for den store utvidinga. Ingen på dei to listene med kvinner og menn er busette i Høyvik eller ved Ottøysundet. (Sjå vedlegg under). For oss er det mange ukjende namn, men enkelte av dei kjenner me som gode og omsynsfulle menneske. Me vel å tru det beste om alle, men vedtaket dei gjorde har endra landskapet ved fjorden vår for evig tid. Vedtaket har også gjort noko med menneska som blir utsett for denne drifta. Ein lærer at demokrati kan vera farleg. Ein kjenner på avmakt.

Kva var det som hende med informasjonsflyten? Foreldra mine har fortalt at dei deltok på nokre informasjonsmøte. Går ein inn og les sakspapira frå arkiva frå den gongen, ser ein at det stemmer. Eg hugsar at dei med stort alvor fortalte oss at Norsk Stein ville komma nært opp til område der folk ferdast og bur. Dei fortalde også at legen Elisabeth Dramsdahl hadde eit sterkt engasjement for naturen og menneska rundt.

Engasjementet til Dramsdahl kan ein finna spor av i arkiva til Suldal kommune. Ein finn også spor i arkivet til Stavanger Aftenblad. 11. desember 2002 har journalisten Ina Gundersen ein artikkel på trykk der nokre av Dramsdahl sine tankar blir presentert. Ho seier at ««det usynlige støvet» vil gi helseskader i områder langt fra kilden. Partikkelforurensning påvirker i alle fall tre ulike lungesykdommer: Astma, kronisk obstruktiv lungesykdom og luftveisinfeksjoner. I tillegg kommer økt risiko for kreft og hjertesykdommer,...» I same artikkel svarer den dåverande helsesjefen i Suldal kommune: «at sikring av arbeidsplasser også gir helsegevinst, slik at dette i sin tur må veies mot helsemessige ulemper og risiko ved en utvidet drift.» og : «For støyet utsette som har ei positiv innstilling til støykjelda (td at dei tener pengar på han) vil støyen vere meir tolerabel enn for dei som er kritiske», skriver han.»

13.11.2002 kan ein av arkivmateriale lesa at LMT-utvalet i Suldal kommune har gjort eit vedtak om å utarbeida eit «ikkje-teknisk» samandrag av konsekvensutreiinga. Det er Bergvesenet som bed om dette. Om det var dette vedtaket som munna ut i brosjyren «... å byggja på STEINGRUNN ein sikker arbeidsplass for generasjonar framover» eller om det er snakk om eit anna brosjyremateriale, er uklart. (Sidan pdf-fila er stor, legg eg brosjyren til som vedlegg til sjølve e-brevet) Sikkert er det at «... å byggja på STEINGRUNN ein sikker arbeidsplass for generasjonar framover» var noko folk las. Då eg rydda på sjøhuset og gardmuseet i sommar, fann eg ei lita bunke av brosjyren som far min hadde tatt vare på.

«... å byggja på STEINGRUNN ein sikker arbeidsplass for generasjonar framover» er eit dokument på 28 sider som syner kva som skal skje med steinbrotet i tida framover. Ein finn tekniske teikningar, ein finn små portrettintervju med menneska som har arbeidsplassen sin ved Norsk Stein og ein finn også små argumentasjonsrekkjer der ein argumenterer mot dei kritiske røystene. Formålet med brosjyrematerialet er å eliminera all motstand og byggja det helsesjefen i Suldal karakteriserer som ei positiv innstilling. Kva hadde skjedd om dei tillitsvalde ved hytteforeingane, Elisabeth Dramsdahl som tok til orde for liv og helse eller nokre av dei andre som kjende seg overkøyrde og avmektige, rådde over dei same ressursane? Hadde Suldal kommune då kunna smykka seg med europameistertittelen?

Tilbake til nåtida:

Kartet me fekk tilsend 18.desember har sett ein støkk i oss. Det at ein ha blitt plassert inn i eit slikt kart som me har blitt gjort mot vår eigen vilje, er ikkje berre eit åtak mot eigedomsretten. Det er også eit åtak mot retten til eit godt miljø og retten til ei god helse. Når ein i tillegg blir neglisjert, kjenner ein på frykta for at me som held til i den demokratiske dødsvinkelen nok ein gong skal ofrast på alteret for dei mange arbeidsplassane. Difor blei det i førjulsmaset naturleg å kontakta sokneprest Margit Strandenæs Haver. Kommunelege Harald Bjarne Hellesen fekk også ein telefon. Nokon må få vita slik at mørket ikkje skal kasta alt for store skuggar over liva, julehøgtida vår og det nye året. Det er ikkje berre eit åtak, det er også eit traume.

Når Odd Hotvedt og Norsk Stein tek kontakt med grunneigarar der det blir lokka med store økonomiske gevinstar, prata jovialt med og om gamle foreldre og delt ut blomehelsingar, kan ein lett sjå seg blind på personen og situasjonen. Det ein må ha i mente, er at det ikkje berre er Odd Hotvedt som kjem på døra. Entreprenøren og gründeren som starta den vesle verksemda i 1987 står der. Kommunepolitikaren frå 1999 til 2007 står der. Sekretæren frå Suldal Arbeidarparti står der. Prosjektutviklarar ved Norsk Stein står der. Og ikkje berre det ein har også det store utanlandske konsernet Mibau Stema Group på dørhella. Dette er ein mektig premissleverandør.

Det er ingen tvil om at det er viktig for Suldal kommune å ha arbeidsplasser. Suldal kommune har tent økonomisk på verksemda. Men når konsernet lokkar oss, grunneigarar med store pengesummar, lokkar Mibau Stema Group de som er politikarar med arbeidsplasser. Uroa vår er knytt til kor langt de politikarar er villige til å leggja til rette for konsernet og kva makt og mynde politikarane har til å sikra menneske, naturen og dei demokratiske prosessane som Den norske Grunnlova legg føringar for. Det kan ikkje vera rett at det er den utanlandske storkapitalen som skal leggja premissane for korleis Suldal kommune forvaltar areala og korleis dei demokratiske arbeidsprosessane blir drivne fram?

Me håpar at Ordføraren og den nye politikargenerasjonen vil ta ropet om hjelp og bøna om avklaring på alvor. Som Ordføraren sikkert skjønar, har kontakten med Norsk Stein sett ein alvorleg støkk i oss. Me ser fram til å høyra frå deg.

Vennleg helsing Gerd Kristin Høivik

Dette brevet blir også send til sokneprest Margit Strandenæs Haver, kommunelege Harald Bjarne Hellesen og leiar for kontrollutvalet Tormod Skeie

Kommunestyret 1999-2003:

Hans Sæther, Odd Hotvedt, Jorunn Hoås, Reidar Johan Sandal, Arild Wintherhus, Tina Mikalsen, Andreas Drarvik, Ola Hauge, Odd Inge Fuglestein, Ingemund Kvæstad, Bjarne Østerhus, Torbjørn Guggedal, Svein Losnegård/Gunn B. Meling, Roar Obrestad, Kjell Egil Sandvik, Bjørn Egil Nerheim, Tormod Skeie, Halldis Furre, Dag Fisketjøn, Halldis Levaskjær, Frank Sagsveen, Magne Haug, Anne Kjærsti B. Søråas, Dagfinn Grov/Sverre Underbakka.

Kommunestyret 2003-2007: Andreas Drarvik, Hans Sæther, Siv Iren S. Underbakke, Odd Hotvedt, Arild Wintherhus, Roy Høibo, Tina Mikalsen, Ola Hauge, Karin Vaage, Oddvar Johan Sildelid, Vidar Austarå, Tjerand Nybø, Kjell Ove Nærheim, Roar Obrestad, Torbjørn Guggedal, Svein Losnegård, Sonja Tjøstheim Fosse, Tone Mari Sand, Tormod Skeie, Turid Vaage/Ernst B. Drange, Toyni Tobekk, Einar Schibevaag, Magne Haug, Andreas Nielsen, Rigmor Erfjord.

Klipp frå Stavanger Aftenblad:

Steinbrudd vekker strid

Lege og hytte-eier Elisabeth Dramsdahl frykter at støvet fra et gigantisk steinbrudd på Jelsa fører til helsefare for befolkningen.

Ina Gundersen Journalist

Publisert: Publisert:

11. desember 2002

JELSA: Norsk Steins anlegg på Jelsa i Suldal kommune er i dag Norges største steinbrudd, men dagens uttaksområde vil bare sikre driften i åtte år framover. Bedriften vil derfor utvide. Med 1276 nye dekar vil steinbruddet være sikret 50 nye år. Utvidelsen hilses varmt velkommen av Suldal kommune, fordi den vil sikre arbeidsplasser i en kommune som sliter med nedgang i folketallet: — Norsk Stein er den største private arbeidsgiveren i kommunen. Kan vi sørge for at bortimot 100 arbeidsplasser forblir her i nærmere 50 år, er det fantastisk, sier rådmann Nils Korsvoll som sier at Suldal ikke har hatt større naturinngrep siden Ulla-

Førre-kraftutbyggingen på 1970- og 80-tallet. - Naturen vil bli endret ved at en flytter vekk så mye stein. En må derfor gjøre dette på en fornuftig måte. Men nedgangen i folketallet gjør at vi trenger arbeidsplassene mer enn hytter, sier rådmannen.

¹² *Sammen om mestring - Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne – et verktøy for kommuner og spesialisthelsetenesten* (Helsedirektoratet: 2014)

3.6.2 UKLARE FORVENTNINGAR OG ROLLAR

I intervjuet kjem det fram at utfordringane mange av aktørane opplev relatert til samhandling i mange tilfelle botnar i uklare forventningar og rollar. Eit eksempel kor vi ser at dette gjer seg gjeldande er mellom psykisk helse og fastlegane. Nokre frå psykisk helse fortel at dei har enkelte utfordringar i samhandlinga med legane. De fortel at legane ikkje alltid svarar, at dei ofte må purre for å få svar, og at dei opplev nokre legar som meir «interessert» i psykisk helsearbeid enn andre. Dette blir beskrive som utfordrande. Frå ein av legane blir vi fortalde at samarbeidet stort sett fungerer godt, men at korrespondansen mellom dei og psykisk helse kan vere litt utfordrande. Det blir peika på at dei kan bli bedt om å gi vurderingar på bakgrunn av elektroniske meldingar, men at dette ikkje er så enkelt dersom det er noko nytt og ein ikkje nødvendigvis kjenner problemstillinga. «*Det er ein forventning frå psykisk helse at eg som fastlege skal fikse noko utan at eg er kjent med sjølv problemstillinga*». I slike tilfelle er det naudsynt med ein fysisk vurdering, og ikkje ein vurdering på bakgrunn av ein elektronisk dialog.

3.6.3 MANGLANDE KJENNSKAP TIL KVARANDRE

Det blir trekt fram at dei uklare forventningane blant anna kan koma av at ein i liten grad veit kva arbeidsoppgåver og ansvarsområde dei andre aktørane har. Ein sentral aktør sa det slik: «*Eg blir overraska over meg sjølv over kor lite eg veit om kva mine kollegar jobbar med*». Dette har vi allereie vore inne på i samband med ROP-pasientane, der ein ser at det ikkje alltid er klart kven som skal ha ansvar for kva.

I ein ståstedsanalyse frå 2017 utført i samband med BTI-modellen kom det også fram at barnehagar, skular og hjelpetenester for barn og unge i liten grad hadde kjennskap til vaksentenestenes¹³ roller og ansvar. Det blei samstundes konkludert med at barnehagar og skular trong å auke kjennskapen til andre tenester jamt over. Gjennom intervjuet får vi dessutan informasjon som tilseier at dei ansatte i vaksentenestene har for liten kjennskap til tenestene for barn og unge. Dette kjem til uttrykk både eksplisitt og implisitt. Eksplisitt ved at mange sjølv påpeiker at dei har «*lite greie på tilboda til barn og unge*», og implisitt ved at fleire av dei tilsette trur at barne- og familieteamet faktisk er operativt.

Det er ikkje berre vaksentenestene som har liten kjennskap til tilbodet for barn og unge. For halvanna år sidan blei det ved den eine skulen informert om barne- og familieteamet, sjølv om det ikkje eksisterte.

Vidare blir manglande kjennskap ikkje berre knyta til andre tenester som sådan, men også til *relasjonane* ein har med dei tilsette i tenestene. I samband med dette blir det peika på at utskifting

¹³ Definert som psykisk helse for vaksne og rustenesta hos NAV.

av personale har vore, og framleis er, ei utfordring: «*ein må begynne ein relasjon på nytt igjen, og det kan vere eit hinder for god flyt og god samhandling*». Det blir framheva at terskelen for å ta kontakt gjerne blir mindre når ein «*kjenner ansiktet*», og at det dermed blir lettare å få til eit samarbeid.

3.6.4 GODT SAMARBEIDSKLIMA, MEN LITE SYSTEMATIKK I SAMARBEIDET

Når det gjeld samhandling på *individnivå* blir vi fortalde at samarbeidet som regel går greitt frå sak til sak. Samstundes blir samhandlinga internt mellom tenestene som yter psykisk helsehjelp til barn og unge av dei fleste beskrive som god. Det vises til at tenester som barnevern, kommunepsykolog, fysioterapi, legekantoret, helsestasjon og PPT alle er i same bygning. Det at ein er lokalisert under same tak gjer at det er «*kort veg*» til dei aktuelle samarbeidsaktørane¹⁴.

På *systemnivå* er bildet imidlertid annleis. Informantane fortel om få møtearenaer og manglande systematikk i samarbeidet: «*Vi ser at det er ein utfordring knytte til systematikken med det faste møtepunktet. Fallgruva med modellen er at man detter mellom to stolar*». Det kjem fram at dette særleg er ein risiko når ein brukar har behov for fleire tenester: «*Viss brukarane treng oppfølging frå fleire, ser ein at koordineringa har vore dårleg. Eg opplev at det er manglande koordinering av desse tenestene*». Eit område vi ønsker å trekke fram i denne samanheng er overgangane mellom tenestene, frå barn til voksen. Informantane har vekslende erfaringar med desse overgangane. Ein av dei intervjuar framhevar at det har gått bra i tilfella der dei har vore tidleg ute og «*hands on*». Eit fellestrekk er likevel at overgangane er sårbare i form av at dei ikkje er systematisert, og at dei i for stor grad avhenger av kva slags personar som er involvert: «*Det er eit veldig skjørt punkt. Det kan fort gleppe*».

Fleire ønsker seg ein betre arbeidsmodell, og etterlyser faste samarbeidsmøte der ein drøftar felles brukarar og lagar ein felles plan. Det blir i denne samanheng påpeika at BTI og Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam er eit godt utgangspunkt for å implementera ein integrert arbeidsmodell og forplikta alle til å følge same retning. To utsagn frå intervju med deltakarar i BTI og strukturert tverrfagleg oppfølging er i så måte illustrerande: «*Målet er at det ikkje skal vere siloar. Vi skal i større grad tenke at det er kommunen som gir oppfølginga og ikkje den einskilde eining*». Og: «*Vi skal tenke meir ut frå brukaren og behov, heller enn korleis vi er organisert*».

Vi har også fått opplyst at psykisk helse, barnevernet og NAV (ruskonsulent) er i gang med å jobbe med rutinar for samarbeid på systemnivå.

¹⁴ Opplyst i intervju.

3.6.5 ERFARINGAR MED BTI OG STRUKTURERT TVERRFAGLIG OPPFØLGINGSTEAM

Betre tverrfagleg innsats. Som nemnt skal BTI-modellen bidra til styrka samhandling mellom tenester. Som vi skal gå nærmare inn på seinare i denne rapporten, er BTI-modellen framleis i ein startfase og stafettloggen enda ikkje operativ. Ein kan derfor ikkje seie noko om i kva grad modellen har styrka den generelle samhandlinga på nåverande tidspunkt. Kommunen har imidlertid oppretta BTI-team. Det blei heldt eit digitalt «kick-off» i september 2020, og desse teama erstattar det som tidlegare blei kalla oppvekstteam. Vi blir fortalde at oppvekstteamama ikkje fungerte heilt etter intensjonen, og at det derfor er lagt ned eit tydeleg mandat i samband med opprettinga av BTI-teamama. Desse skal vere tverrfaglege team som møtes for å diskutere systemsakar. Kommunen har oppretta to BTI-team basert på ein geografisk inndeling, og dei består blant anna av skular, barnehagar, PPT og barnevern. Erfaringane så langt er at dei ulike tenestene i teama samhandlar godt, samstundes som det bidrar til kompetanseheving i form av at alle dei involverte aktørane bidrar med ulike fagperspektiv.

Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam. Vi får opplyst at kommunen starta implementeringa av modellen sommaren 2020. Erfaringane så langt (relatert til samhandling) er at dei ulike aktørane i større grad snakkar saman. Det blir framheva at mens oppfølginga tidlegare var meir overlate til den enkelte eining, har dei nå ein meir felles, gjennomtenkt innsats. Dette kjem av at mandatet sikrar at det blir sett saman eit team, og at det er ein som har hovudansvaret. Det blir påpeika at sjølv om Suldal er ein liten kommune, har dei likevel sett at det har vore silodanningar: *«Men vi ser at dei blir stadig mindre. Vi klarar å samkøyre prosessane betre».*

Det blir likevel identifisert nokre utfordringar. Blant anna får vi opplyst at det er ein utfordring å få samarbeidet til å fungere og å finne gode kommunikasjonskanalar. Det blir peika på kapasitet og kultur som moglege forklaringar. *«Koordinator melder at det er utfordrande å finne nok tid til å koordinere».* Samstundes blir det peika på kulturforskjellar i sektorane. Dette kan handle om for eksempel teiepliktig informasjon, eller at nokon fråskriv seg ansvaret som koordinator. Vi blir likevel fortalde at pilotprosjektet har bidratt positivt når det gjeld samhandling, og at det har blitt tatt initiativ til møter på systemnivå mellom ulike tenester. *«Vi ser at det er behov for det, og pilotprosjektet har bidratt til dette».*

3.7 VURDERING

Hovudinstrykket vårt er at dei ulike einingane samhandlar godt, men at dei ikkje har ein god samarbeidsstruktur som regulerer samhandlinga og at ansvarslinjene kan vere uklare. Det er ikkje alltid klart kven som skal ta ansvar for kva i einskilde saker, og både forma og innhaldet i samarbeidet kan fort bli personavhengig. Det blir peika på at manglande systematikk i samarbeidet aukar risikoen for at ting glepp og at brukarar med behov for fleire tenester fell mellom to stolar. Dei aller fleste gir uttrykk for at dei saknar eit meir strukturert samarbeid som regulerer samhandlinga og skapar klarare ansvarslinjer mellom relevante einingar.

Det bør leggjast til at manglande ressursar til psykiske helsetenester retta mot barn og unge ikkje berre har ein direkte negativ effekt mot brukarane. Det har også ei negativ effekt på samarbeidet mellom barne- og vaksentenesta. Eining for psykisk helse har ressursar til å samarbeide, men opplever det som frustrerande at motparten ikkje har det.

I intervjuar kjem det fram at samhandlingsutfordringane i mange tilfelle skuldast uklare forventningar og rollar. Mange meiner at dette har samanheng med at dei ulike aktørane i kommunen har manglande kjennskap til kva kollegaene jobbar med. Dei tilsette i vaksentenestene ser til dømes ut til ha manglande kjennskap til tenestene for barn og unge. Dette kjem til uttrykk både eksplisitt og implisitt. Eksplisitt ved at mange sjølv påpeiker at dei har *«lite greie på tilboda til barn og unge»*, og implisitt ved at fleire av dei tilsette trur at barne- og familieteamet er operativt, noko det ikkje er. Det er imidlertid ikkje berre vaksentenestene som har liten kjennskap til tilbodet for barn og unge. For halvanna år sidan blei det ved den eine skulen informert om barne- og familieteamet, sjølv om det ikkje eksisterte.

Vi tilrår kommunen å sikre eit betre og meir systematisk samarbeid mellom relevante aktørar innan psykisk helse og rus.

Dette kan gjerast gjennom å etablere eit meir strukturert samarbeid med rutinar som regulerer samarbeidet.

Psykiske helsetenester for vaksne har ein robust organisering, og styrt av ein eigen handlingsplan. Psykiske helsetenester for barn og unge har ingen plan eller styringsdokument, er meir sårbar for fråvær, og er meir avhengig av enkeltpersonar. Barne- og familieteamet som lenge har vore sterkt ønske, men er framleis ikkje operativt. Kommunepsykologen skulle vera eit tilbod for barn og unge, men har knapt brukarar i denne brukargruppa. Og det psykiske helsehjelpstilbodet frå helsestasjonen er også sterkt redusert på grunn av sjukemelding.

Organisering. Etter vår vurdering vil også ein omorganisering av psykiske helsetenester og rusverntenester kunne bidra til sikre eit betre samarbeid og meir heilskaplege tenester. **Vi tilrår derfor kommunen** å vurdere organiseringa av psykiske helsetenester og rusverntenester. Stadig fleire kommunar har organisert alt psykisk helsearbeid og rusvern i same eining, til dømes Sauda. Her opplever ein at den nye organiseringa gjer arbeidet lettare å koordinere, samstundes som det aukar brukarane sin tilgjengelegheit til tenestene. Vi ser også at samorganiseringa der gir ein heilt annan fleksibilitet i styringa av tilbodet i ein relativt liten kommune. Mellom anna får vi opplyst at ein i større grad prioriterer ressursane etter behov og personalsituasjon gjennom ein samorganisering. For Suldal kan ein til dømes tenke seg at ein gjennom ei slik organisering kunne omprioritert ein større del av ressursane mot barn og unge, noko som ville styrka den tidlege innsatsen og samtidig styrka samarbeidet mellom barne og voksenfeltet.

Det kan sjølvstakt vera gode grunnar for at Suldal skal behalda gjeldande organisering, noko informantane våre også er inne på, men Suldal bør undersøke moglegheitene for å hauste liknande gevinstar som ein har gjort i Sauda.

Uavhengig av korleis kommunen vel å organisera tilbodet, bør kommunen sikra ein struktur og ei styring som gir eit felles grunnlag for heilskapleg tenking rundt psykisk helsearbeid og rus. Her bør ein ta utgangspunkt i eksisterande utfordringar i kommunen og gi føringar for kva område eller tiltak som skal utviklast vidare. Dette kan gjerast i form av ein plan eller eit anna styringsdokument.


Vi ønsker til slutt å påpeike at det er positivt at Suldal er BTI-kommune, og at Suldal er ein av seks deltakarkommunar i pilotprosjektet Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam i regi av helsedirektoratet. Dette er modeller som kan bidra til tidleg innsats, betre samarbeid mellom relevante instansar og til å styrke overgangane mellom barnehage-skole og mellom barneskole og ungdomsskole.

Mens pilotprosjektet ennå ikkje er avslutta (hausen 2021), har Suldal vore BTI-kommune sidan 2017. Sjølv om BTI formelt sett er implementert og gått over i drifta, og sjølv om det ser ut til å være ein endring av praksis i samsvar med formålet, er BTI-satsinga på mange områder framleis i startgropa i Suldal. Mellom anna er ikkje stafettloggen operativ, dvs. staden der ein dokumenterer BTI-arbeidet. **Kommuneleiinga bør derfor fortsette å leggje trykk på BTI-arbeidet**, slik at ein sikrar prosjektkoordinatorane og BTI-agentane nødvendig støtte i implementeringa av modellen ute i tenestene.

4 TENESTETILBOD

4.1 ANTALL BRUKARAR FORDELT PÅ TENESTETILBODA

Figur 4: Antall brukarar fordelt på dei fire teama innan psykisk helse¹⁵



Merk: Figuren viser ein kraftig vekst i samtaletilbodet. Vi får opplyst at denne veksten ikkje er reell, men kjem av at ein internt i eininga er blitt flinkare til å registrere kor mange som mottar eit psykiatrisk samtaletilbod.

Det er ikkje unike brukarar som blir vist i figuren over. Ein del går igjen i statistikken fleire gonger. Eksempelvis kan ein og same brukar få miljøarbeidertjeneste, samtaletilbod og delta på Loftet. I figuren under viser vi det totale talet på brukarar i denne perioden, og kor mange av desse som er gjengangarar eller er unike brukarar.

Tabell 2: Andelen unike vaksne brukarar og andelen gjengangarar 2016-2020 (okt)

	Totalt antall brukarar	Antall unike brukarar	Antall gjengangarar	Andel unike brukere	Andel gjengangarar
Miljøarbeider-teneste	205	80	125	39 %	61 %
Loftet aktivitetssenter	174	95	79	55 %	45 %
Psykiatrisk samtaletilbod	387	210	177	54 %	46 %

¹⁵ 22 av brukarane som får psykisk helsehjelp får LAR-utlevering frå miljøarbeidertjenesta (mottatt frå kommunen 21.10.20)

Ikkje uventa ser vi at det er størst andel gjengangarar blant brukarane av miljøtenestene. Men nesten halvparten av brukarane av dei andre to tilboda er gjengangarar. Vi veit ikkje om dette er mykje eller lite, fordi vi ikkje har tilsvarande tal frå andre kommunar.

Fleire av dei intervjuja gir uttrykk for at ein del brukarar oftare burde blitt skrevet ut frå desse tilboda: «*Vi er ikkje gode nok på å hjelpe folk vidare*». Det blir påpeika at mange av brukarane har tilbod over lang tid, nokre over fleire år. «*Vi ser ein tendens til at dei ikkje blir skrive ut*». (...) «*Det er betre å slutte når det ikkje fungerer*». Det blir vidare peika på at det hadde vore betre for brukar og ein meir effektiv ressursbruk om ein hadde lagt opp meir kortvarige samtaleforløp (16-20 samtaler) og større merksemd omkring endring.

Éin forklaring som blir løfta fram er at nokre brukarar opplev ein tryggleik med å ha eit tilbod og ikkje ønsker å bli skrive ut, til tross for at dei ikkje nødvendigvis brukar tilbodet i ein periode.

Dette til tross for at ein fort kan få eit tilbod igjen, etter å ha blitt skrive ut. Nokre gonger tar det berre nokre dagar, og det går sjeldan over sju dagar før brukarane får eit tilbod.

4.2 ANDRE BRUKARTAL

Loftet Mestrings/ungdomstiltak 18-30 år dei tre siste år:

- **Totalt 27 personar** har vore innom dei tre siste åra, 19 er utskrivne og 8 er såkalla gjengangarar. Det betyr at **70 prosent er utskrivne** og 30 prosent er gjengangarar.
- Av dei 8 gjengangarane har 2 av 8 i tillegg hatt tilbod om gardsarbeid (Open gard)
- 16 av de 27 har kombinert Loftet med Rysteg¹⁶
- 22 av de 27

Det er berre éin tilsett på gruppa. Derfor har ein av brukarene av Loftet ungdomstiltak fungert som «likemann»/støtte/hjelpar i gruppa. Det har variert kven som har hatt denne rolla.

Vi har også forsøkt å skaffe til veie **tal for unge brukere av psykiske helsetenester**, utan å lukkast. Psykologtenesta er eit lågterskeltilbod for barn og unge frå 0-23 år. Vi får opplyst at kommunepsykolog har om lag 50 klientar og berre fem prosent av desse er barn og unge. Dei aller fleste klientane er altså vaksne.

Vi har dessverre ikkje tal for dei øvrige psykiske helsetenestene retta mot barn og unge, til dømes helsestasjon eller skulehelseteneste.

¹⁶ Rysteg er ein arbeids- og inkluderingsbedrift.

Ein kommentar knytta til kommunens bruk av Rysteg og VTA-plassar heilt til slutt. Vi får opplyst at målet med behandlinga er å få ungdom/vaksne over i utdanning/arbeid, og ikkje nødvendigvis Rysteg og VTA- plassar. *«For brukarar som er ufør jobbar me for, at dei som er klar for det helsemessig, går over til Rysteg, der man gjerne tilbyr kombiløysing Loftet/ Rysteg i overgangsfasen.¹⁷»*

4.3 TILBOD TIL VAKSNE

Som nemnt i kapittel 2 er psykisk helseteneste i Suldal delt inn i fire team. **Lågterskel samtaletilbod** (team 1) skal hovudsakeleg vere et tilbod for personar i forløp 1. Det kan for eksempel vere brukarar med angst eller depresjon. Ifølge kommunens handlingsplan får brukarar tilbod om åtte samtalar utan vedtak. Har brukaren eit vidare behov for oppfølging utover dette må vedkommande søke om tenester på vedtak. Kommunen har som mål å tilby rask hjelp med lav terskel, og tilbyr samtalar innan syv virkedagar.

Rehabilitering og koordinering (team 2) er eit tilbod hovudsakeleg for personar i forløp 2. Ifølge handlingsplanen er dette tilbodet egna for brukarar med moderate problem, og tilbodet skal vere «eit systematisk og tidsavgrensa arbeid som kjenneteiknast som målretta, intensiv og tverrfagleg innsats». Desse brukarane vil i dei fleste tilfelle oppfylle krava til ein individuell plan og koordinator.

Bu og meistring (team 3) er i all hovudsak eit tilbod til personar i forløp 3. Teamet tilbyr desse brukarane blant anna helsehjelp i heimen, meningsfulle aktivitetar, miljøterapi og matombringning (miljøtenester).

Oppe på Loftet er det eit **aktivitetssenter** (team 4) med meningsfulle aktivitetar og sosialt samvær i grupper som skal gi deltakarane høve til å etablera nettverk og relasjonar. Alle kan delta ut frå sine forutsetningar, uavhengig av livssituasjon og økonomisk evne. Psykisk helse tilbyr:

- «Meistring- og læringsgruppe for ungdom» i alder 18-30 år to gonger i veka
- «Meistring- og aktivitetsgruppe for vaksne» ein gong i veka

Ifølge handlingsplanen gis vedtak for 6 månadar om gongen for å gi plass til fleire, og det skal vere eit mål ved å delta i gruppa.

Intervjua med både tilsette og brukarar tydar på at Suldal har eit **godt tilbod til vaksne** som har behov for psykiske helsetenester. **Særleg Loftet og samtaletilbodet får mykje skryt.** I intervjua

¹⁷ Skriv frå kommunen mottatt den 21.10.20.

blir vi opplyst at det tradisjonelt og historisk har blitt bygga opp ein robust organisasjon innanfor vaksenpsykiatrien i Suldal¹⁸.

Ein annan ting som går igjen i intervjuar med dei tilsette er **mangelen på psykologtilbod** i kommunen: «*Vi må få på plass eit betre psykologtilbod*». Dette er også noko fleire av brukarane løftar fram: «*Det å ikkje ha psykolog i nærleiken er eit stort sakn*». Dersom ein treng behandling hos psykolog må ein enten reisa til Stavanger, Haugesund eller Ølen, blir det hevda. Reisa blir omtalt som ein ekstra påkjenning for mange: «*Mange klarer ikkje reise*». Samstundes er det lange ventelister til psykologar med offentleg avtale. Nokre vil derfor kunne bruke fastlegen som eit alternativ. I denne samanheng blir det framheva at fastlegane er pressa på tid og kapasitet, og at personar med psykiske helseproblem ofte har forløp som går over lang tid. Vi blir fortalde at «*pasientane har ofte behov for tettare oppfølging enn det vi har kapasitet til*», og at ein utvida psykologteneste hadde vore til stor hjelp i denne samanheng.

Samstundes er det slik at kommunepsykologen, som i utgangspunktet skulle vere eit tilbod for barn og unge, har flest vaksne brukarar. Dette inneber at kommunen reint faktisk har eit psykologtilbod til vaksne, men tilbakemeldingane kan tyde på at dei tilsette ikkje er heilt kjende med dette.

Også miljøtenesta (Bu og meistring) melder om **tidkrevjande arbeidsoppgåver som i staden kunne blitt utført av andre tenester, som for eksempel heimetenesta**. Dette gjeld særleg pasientar med fysiske utfordringar, der arbeidsoppgåvene hovudsakeleg er stell, pleie eller matlaging. Årsaka til at desse pasientane får oppfølging frå psykisk helse er fordi dei har vore brukarar av psykiske helsetenester tidlegare.

Tidlegare hadde Loftet også tilbod om lågterskel rusgruppe. Denne blei leidd av ein erfaringskonsulent som sa opp hausten 2019. Etter at vedkommande sa opp har gruppa blitt avvikla. I intervjuar blir vi opplyst om at dette tilbodet er sterkt sakna blant brukargruppa. Det blir trekt fram at det ikkje nødvendigvis er så lett for denne brukargruppa å nytte dei alternative tilboda på Loftet, og at «*det er veldig viktig at dei også har eit tilbod*».

4.4 TILBOD TIL BARN OG UNGE

Ansvar for psykisk helsearbeid for barn og unge er delt mellom helsestasjon og kommunepsykolog¹⁹ barn og unge. Både kommunepsykolog og helsestasjon er lågterskeltilbod og skal gi barn og unge og dei føresette tilbod om psykisk helsehjelp når det er behov eller ønske

¹⁸ Fram til 2004 drifta også Helse Fonna Bjødne eigen psykiatriske senter i Suldal. Det blei lagt ned i si tid til fordel for distriktpsikiatriske sentre i Haugesund og Karmøy.

¹⁹ Stillinga som kommunepsykolog er delt mellom Sauda og Suldal, der Sauda er vertskommune, men tilbodet blir gitt lokalt i begge kommunar.

om det. Under helsestasjonen finn vi helsestasjon for barn i alderen 0-5 år, og helsestasjon for ungdom²⁰ i alderen 13-20 år. I tillegg har alle skular ei skulehelseteneste med helsesjukepleiar med fast frammøtetid på kvar skule.

Gjennom intervjuar blir vi derimot gjort merksame på det fleire av dei intervjuar omtalar som manglar i det kommunale tilbodet til barn og unge.

Barne- og familieteam. Ifølge intervjuar har eit eige barne- og familieteam vore et ønske i kommunen sidan 2016. Våren 2018 undersøkte ei arbeidsgruppe beståande av tilsette ved helsestasjonen, psykisk helse, NAV og rådgjevarar for helse og oppvekst om det var behov for eit barne- og familieteam. Det blei konkludert med at det var behov for det. Tanken bak barne- og familieteamet er at det skal vere eit tverrfagleg tilbod beståande av kommunepsykolog og to barne- og familierettleiarar. Teamet skal fungere som ein dedikert faggruppe som har samtalar med foreldre, barn, ungdom og familiar kor hensikta er å styrka psykisk helse, førebygga psykososiale vanskar og styrka foreldreferdigheiter sett ut frå barnet sitt behov. Samstundes vil ein sikre at oppfølginga ikkje er tilfeldig etter kven du treffer på.

Teamet er ennå ikkje operativt.

Intervjuar, og det faktum at teamet framleis ikkje er operativt, tyder på at teamet ikkje har fått ei tilstrekkeleg prioritering, og at det har mangla pådrivarar med myndigheit til å få det etablert: *«Det er ingen som heier fram eit team. Det skjer ingenting»*. Vi blir fortalde at sjølve ressursane som er tiltenkt teamet er der, men at det er ulike oppfatningar i kommunen av kva som må vere på plass for å få eit team operativt. Det gjeld blant anna fagleg leiing, samt kva kompetanse som skal ligge i teamet. Vidare blir det peika på tilleggsutfordringar som sjukefråvær og permisjonar, samstundes som det ikkje er plass til eit team i sjølve lokala.

Som nemnt blei barne- og familieteamet presentert som operativt på foreldremøte ved ulike skular i kommunen hausten 2019, til tross for at dette ikkje var tilfelle: *«Den største frustrasjonen er at det har blitt sagt utad at det har vore eit team. At det er reklamert for det»*. Dette har resultert i at mange tar kontakt fordi dei trur det er eit team²¹. Vi får opplyst at eit barne- og familieteam skal være på plass våren 2021²².

²⁰ Ope kvar torsdag mellom kl.14 og 15:30

²¹ Opplyst i intervju.

²² Vedtatt i kommunestyret 15.12.2020

Kommunepsykologen er også ein av ressursane som er tiltenkt barne- og familieteamet.

Psykologtenesta er eit lågterskeltilbod for barn og unge 0-23 år²³ med risiko for å utvikle, eller som har utvikla problem knytte til psykisk helse, rusmiddelbruk og/eller vald og traume. Ein kan enten bli henvist av for eksempel fastlege eller helsesjukepleiar, eller ein kan ta direkte kontakt sjølv. Det kjem imidlertid fram at ressursbruken til kommunepsykologen i praksis er retta mot vaksne, og at ca. 5 prosent av klientane er barn og unge. Vi blir gjort oppmerksame på moglege forklaringar i intervju. Det peikes blant anna på at ein i mindre grad henviser til tilbodet på grunn av tilbagemeldingar frå brukarar som ikkje ønsker å nytta seg av tilbodet grunna språkbarrierar og manglande kjemi. Vidare blir «*rykte på bygda*» trekt fram som ein mogleg årsak til at ein ikkje tar kontakt sjølv. Dermed, sjølv om kommunen har eit psykologtilbod som er øyremerka barn og unge, blir tilbodet av nemnde grunnar i praksis brukt av vaksne.

Helsesjukepleiarar. Fleire peiker på at kommunen ikkje har helsesjukepleiarar. Tilbodet blir opprettheldt av sjukepleiarar, men ingen av dei tilsette i helsesjukepleiarstillingane har den aktuelle vidareutdanninga²⁴. Ein helsesjukepleiar er ein sjukepleiar med vidareutdanning i helsefremmande og sjukdomsførebyggjande arbeid retta mot barn, unge og familieane deira. Ein helsesjukepleiar arbeider for å fremma barn og ungdoms eiga helse ved å styrka evna deira til å sjå og mobilisera eigne ressursar og styrker.

Det blir framheva at sjølv om sjukepleiarane gjer ein god jobb, kan mangelen på den rette fagkompetansen få konsekvensar for det førebyggjande arbeidet. Som ein av dei intervjuar seier det: «*Når man ikkje har fagkunnskapen veit ein ikkje kva ein går glipp av*».

Helsesjukepleiar eller fastlege er ofte første kontaktpunkt for unge som har utvikla eller er i ferd med å utvikle eit problem knytte til psykisk helse. I mange tilfelle kan oppfølging frå desse vere tilstrekkeleg, mens i andre tilfelle må dei visast vidare. Nokre av dei vi har intervjuar fortel at dei i slike høve opplev ein mangel på kommunale tilbod å visa vidare til. Tidlegare blei dei gjerne vist til ein ressurs under psykisk helseteneste som jobba med ungdom mellom 16 og 24 år, men denne ressursen blei overført til helsestasjonen 01.januar 2020 for å ta del i barne- og familieteamet. Ei anna moglegheit er å henvise til kommunepsykologen, men som vi har vore inne på blir dette gjort i liten grad. Fleire opplev at de einaste reelle alternativa å visa vidare til er spesialisthelsetenesta eller det kommunale psykiske helsetilbodet for vaksne²⁵. Førstnemnde er som regel ikkje eit alternativ for dei fleste fordi alvorsgrada må vere så høyt for å bli vurdert. Dei intervjuar fortel at det manglar noko i det førebyggjande leddet, og dei saknar fleire

²³ Aldersgrensa er ikkje absolutt.

²⁴ <https://utdanning.no/yrker/beskrivelse/helsesjukepleier>

²⁵ Dersom det er aktuelt, kan bosatte med ein anna heimkommune også bli henvist til heimkommunen dersom dei blir vurdert som å ha eit betre tilbod.

lågterskeltilbod til barn og unge: *«Eg finn mange som treng hjelp, men så veit eg ikkje kvar eg skal gjere av dei. Dei er som små bomber som du ikkje veit kor hamnar til slutt».*

Samstundes har dei to 80 prosent-stillingane som barne- og familierettleiarar i praksis vore éin stilling på 65 prosent i store deler av året.²⁶ Fleire peikar på at kapasiteten er sprengd og at dette naturlegvis svekker tilgjengelegheita på tenesta. *«Ein reklamerer mindre for seg sjølv når ein veit ein ikkje har kapasitet».*

4.5 SPESIALISTHELSETENESTA

Sidan vi har gjennomført ei svært høg mengde intervju av brukarar og tilsette i kommunen, har ikkje budsjetttramma tillate oss å intervjuar aktørar innan spesialisthelsetenesta. Det som blir presentert her er synspunkta til kommunetilsette og brukarar på tilbodet i spesialisthelsetenesta.


I intervjuar kjem det fram at samarbeidet med spesialisthelsetenesta heller ikkje er heilt problemfritt. Vi blir blant anna opplyst om at spesialisthelsetenesta blir opplevd som meir «fjerne» enn tidlegare. Det blir vist til eksemplar på at ein bruker mykje tid på å få tak i dei, og at det ofte kan gå fleire veker før ein får kontakt. *«Det set litt stoppar på ting ofte».* Samstundes blir det påpeika at dei er greie å samarbeida med når ein først kjem i gang.

Hovudutfordringa ser imidlertid ut til å vere overgangen frå spesialisthelsetenesta til kommunale tenester. Det blir peika på at det er kompetansemessige utfordringar for kommunen når dei skal fortsette behandlinga etter at spesialisthelsetenesta har utgreia og konkludert: *«Vi er forplikta til å ruste oss. Men når vi ikkje er rusta, blir det ein glipp».* Det blir understrekt at kommunen ikkje har nok kompetanse til å ta ansvar for dei mest kompliserte sakene. Dette kjem også fram i intervju med brukarar: *«Dei overlèt alt til kommunen, som ikkje kan gi kvalifisert hjelp».* Eller: *«Det finnes ein vilje til å hjelpe, men det er ikkje kunnskap».*

Samstundes får vi opplyst om at kommunen har eit underforbruk av psykiatriske spesialisthelsetenester. Tala frå Helse Vest bekreftar eit slikt inntrykk (sjå figur under). Det er relativt få pasientar frå Suldal, både innan barne- og ungdomspsykiatrien og innan vaksenpsykiatrien.

²⁶ Hovudsakelig på grunn av sykefravær.

Figur 5 - Psykisk helsevern 2017, helseforetak, institusjonar og avtalespesialist – pasientar per innbyggjar²⁷



Det er vanskeleg å seia noko sikkert om kvifor det er slik, men geografisk avstand til tenestetilbodet ser ut til å vera ein viktig forklaringsfaktor. Men dette forklarar ikkje kvifor Sauda har eit betydeleg større forbruk av psykiatriske spesialisthelsetenester enn Suldal.

4.6 OPPSUMMERING

Etter vår vurdering er tilbodet til barn og unge mangelfullt. Dette er både knyttet til prioritering, faktisk ressursinnsats, sårbarhet, organisering og styring, samarbeid og kompetanse. Dette går vi nærare inn på i del 6, under.

Tilbodet til vaksne er langt betre, sjølv om vi finner enkelte mindre utfordringar, også her. Prioriteringa av årsverk til tenester retta mot vaksne i Suldal er på nivå med Sauda, og ørlite høgare enn Rogalands- og landssnittet.

²⁷ Kilde: Presentasjon på BrukerPlansamling 15.03.19 i Suldal – Helse vest analyseteam, Terje Beck Nilsen. Forklaringer på forkortelser: VOP = voksenpsykiatri. BUP = Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling. TSB= Tverrfaglig spesialisert behandling av rus- og avhengighetslidelser

Intervjua med både tilsette og brukarar tydar på at Suldal har **eit godt tilbod til vaksne** som har behov for psykiske helsetenester. Særleg Loftet (aktivitetssenter med aktivitetar og sosialt samvær) og samtaletilbodet får mykje skryt.

Sjølv om samtaletilbodet får mykje skryt, meiner tilsette sjølv at samtaletilbodet i ein del tilfelle burde vore meir tidsavgrensa og målretta. Vi blir fortalt at mange av brukarane har tilbod over lang tid, nokre over fleire år, utan at det har særleg effekt. Det blir peika på at det hadde vore betre for brukar og ein betre ressursbruk om ein hadde lagd opp til meir kortvarige og endringsretta samtaleforløp. Dette er ein vurdering vi er einige i, ikkje minst fordi brukarane raskt kan få eit tilbod, dersom behovet igjen melder seg.

På Loftet er det onsdagsgruppe for ungdomar/unge vaksne og torsdagsgruppe for vaksne. Det som er litt spesielt er at det berre er gutar på ungdomsgruppa og berre damer på vaksengruppa. Dette er sjølv sagt ikkje intendert frå kommunen si side, men har berre vorte sånn. I intervjua får vi opplyst at det har vore slik i ungdomsgruppa over lengre tid, medan det har vore ei blanding av kvinner og menn i vaksengruppa, og at kjønnsbalansen no ikkje er representativ.

Brukarane peikar på at dominansen av gutar i ungdomsgruppa og «mannekulturen» gjer at jenter i målgruppa ikkje ønsker å delta i gruppa. Etter vår vurdering bør kommunen sjå nærare på kva ein kan gjera for å skape eit tilbod som også inkluderer jenter i målgruppa.

Tidlegare hadde Loftet også tilbod om ei lågterskel rusgruppe. Denne ble avvikla for eit drygt år sidan. Tilbodet er sterkt sakna av brukargruppa.

Fleire brukarar og kommunalt tilsette fortel at dei ønsker eit betre psykologtilbod i kommunen.

5 TIDLEG HJELP?

5.1 INNLEIING

Ifølgje Suldal kommunes handlingsplan for psykisk helse og rusarbeid er målet med arbeidet å bidra til betre levevilkår for personar som har eit rusmiddel- eller psykisk helseproblem, førebygga og redusere problemutviklinga og fremme meistring av eige liv. Suldal kommune har eit mål om tidleg innsats, noko som mellom anna kjem til uttrykk i pilotprosjektet «*Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam*».

Med tidleg hjelp meiner vi her kommunen sine forutsetningar for å kunne oppdage risiko for psykisk uhelse så tidleg som mogleg, samt tidleg iverksetting av tiltak for å kunne forhindre framtidige negative konsekvensar. Dette skal skje så tidleg som mogleg i eit barn sin utvikling,


men også så tidleg som mogleg når hendingar og problem oppstår uavhengig av alder. Dette inneber at nødvendig hjelp blir gitt før problema blir komplekse og fastlåste²⁸.

5.2 BAKTEPPE – FLEIRE MED DEPRESSIVE SYMPTOMER

Psykisk uhelse hos barn og ungdom. Ein fersk Unicef-rapport viser at Noreg er blant dei beste i verda på å kunna gi barn ein lukkeleg barndom, men viser at ein relativt stor del av barn er deprimerte, samanlikna med andre land (12 prosent)²⁹.

I tillegg viser Ungdataundersøkelsen frå 2019 at delen ungdomsskuleelevar med depressive symptom i Suldal kommune har auka frå 11 til 14 prosent frå 2013 til 2019. Som figuren under viser er det langt fleire jenter enn gutar som rapporterer dette, og mange ungdommar opplever at «alt er eit slit».

Figur 6: Tal frå Ungdata



²⁸ Vår forståelse av kva det inneber å setja inn hjelpa tidleg er basert på Sel kommune sin definisjon av tidleg innsats i *Tidlig innsats - Strategi- og handlingsplan 2018-2022*

²⁹ https://www.nrk.no/norge/rapport_-norge-blant-de-beste-i-verden-pa-barndom-_men-sviker-pa-flere-omrader-1.15145046

5.3 KLARER KOMMUNEN Å SETJA INN HJELPA TIDLEG?

Vi startar med konklusjonen. Det enkle svaret på dette spørsmålet er: Ikkje tidleg nok. Dette blir grunnlagt i punkta under.

5.3.1 LÅG PRIORITERING AV BARN OG UNGE

Vi har tidlegare vist at psykiske helsetenester retta mot barn og unge er lågt prioritert i kommunen. Dette blir det også tatt til orde for i intervjuet: *«Viss du har ein 15-åring med store psykiske plagar, kontra ein 18-åring, er det klart ein større ressursbruk på 18-åringen per i dag»*. I samband med ressursfordelinga er det fleire som retter ein bekymring mot det dei opplev som eit manglande fokus på barn og unge: *«Det er flott at ein har fokus på vaksne. Men det er mangel på det fokuset ein treng å ha på barn og unge i ein kommune»*. Dette blir sett i samanheng med manglande førebygging: *«Har man ikkje nok folk, så brannslukkar ein heile tida. (...) Ein må heller unngå at det begynner å brenne»*.

5.3.2 IKKJE SÅ GODE PÅ FOREBYGGING – MEN GODE PÅ AKUTTHANDTERING

Dei som informantane våre er mest bekymra for er dei som er i ferd med å utvikle psykiske helseproblem: *«Dei eg er mest bekymra for er dei som ikkje er akutte, men dei som kan bli akutte»*. I relasjon til dette blir det peika på manglande lågterskeltilbod til barn og unge. *«Vi manglar mye i leddet der for å førebygge for at folk ikkje skal bli alvorleg psykisk sjuke»*. Som tidlegare nemnt opplev fleire av aktørane at dei ikkje veit kor dei skal visa dei vidare. Ikkje fordi kommunen ikkje har tilbod per se, men fordi tilboda ikkje blir oppfatta som reelle alternativ.

Samstundes tydar intervjuet på at dei kommunale aktørane er **gode på å fanga opp og løyse akutte problem**. Det blir peika på at sidan Suldal er ein liten kommune er det lett å trekke inn dei aktuelle aktørane i slike tilfelle. Samstundes blir det framheva at ein del av tilbodet til barn og unge inneber å hjelpa og støtta heile familien. Dette inkluderer å hjelpa foreldre og komande foreldre på eit tidleg tidspunkt. Jordmødrer og vaksenpsykiatrien blir framheva som sentrale aktørar i denne samanheng: *«Det å sørge for at vi har foreldre som er klare for å ta dei imot er den tidlegaste forma for førebygging»*.

5.3.3 KOMMUNEPSYKOLOGEN HAR STORT SETT VAKSNE BRUKARAR

Kommunepsykologen skulle vere eit tilbod for barn og unge, men har stort sett vaksne brukere

På heimesida til kommunen står det blant anna at kommunepsykologen, i tillegg til å rettleie anna personell som arbeider med barn og unge, «skal bidra til å styrka det tverrfaglege samarbeidet rundt born og unge, og bidra med tidleg intervensjon og behandling for å forebyggja psykiske problem og lidning». Vi får imidlertid opplyst frå kommunepsykologen at det i praksis har vore mest «*fokus på individuell utredning og behandling, og (...) mest fokus på voksne i Suldal. (...) Dessverre ikke noe forebyggende, og lite systematisk samarbeid eller veiledning med andre faginstanser*» Samstundes kjem det fram at manglande kjennskap og systematisk samarbeid³⁰ også gjer seg gjeldande innanfor desse tenestene. Ein av dei intervjuar på helsestasjonen sa det slik: «*Eg aner ikkje kva slags saker han jobbar med. Og det er litt av problemet også. Vi har ingen struktur for samarbeid, ingen som legg til rette. Barne- og familieteamet skulle legge til rette for dette*».

Det blir etterlyst ein felles forståing på kva som er ein god arbeidsmodell når man står overfor barn og unge med ulike utfordringar. Ifølge ein av dei intervjuar er det «*i aldersgruppa 0-18 ein del angst og skulefråvær som ikkje per i dag får oppfølging*». Det blir peika på at ein felles arbeidsmodell og eit godt system ikkje berre kan bidra til å sikre betre og tidlegare oppfølging, men også å fanga opp problema tidleg. Utan ein modell «*risikerer ein at det blir tilfeldig korleis det blir løyst*».

5.3.4 REDUSERT BEMANNING PÅ HELSESTASJONEN

Store deler av 2020 har det berre vore éin person i 65 % stilling som tilbyr psykiske helsetenester for barn og unge, i staden for 2 x 80 %, som var intensjonen.³¹ Dette inneber mindre ressursar til å jobbe med tidleg innsats.

5.3.5 BARN SOM PÅRØRANDE

I samband med dette blir vi gjort oppmerksame på at det i 2020 er psykisk helse for vaksne og legekantoret som har stått for fleirtalet av bekymringsmeldingar til barnevernet. Dei etterlys fleire meldingar frå dei som jobbar med rus og dei som jobbar med barn og unge. Det blir særleg retta ein bekymring mot barn av rusmisbrukarar, og at dette er eit område ein må jobba meir målretta med i kommunen: «*Det er eit større fokus på foreldre med rusutfordringar, men det er for lite fokus på barna deira*». Det blir framheva at kommunen særleg bør jobba med å heva kompetansen når det gjeld avdekking og oppfølging av barn som bor saman med foreldre som

³⁰ Som vi var inne på i kapittel 2.

³¹ Som nemnt skuldast dette i all hovudsak ei sjukemelding. Men det inneber mindre ressursar til førebyggjande arbeid.

rusar seg. «Vi ser gang på gang saker med barn som har foreldre som ruser seg. Det er små forhold og mange som veit, men veldig vanskeleg likevel». Dette er også noko som kjem fram i brukarintervjua.

5.3.6 BARNEHAGAR OG SKULAR

Fleire av våre informantar, både ansatte og brukarar, hevder at skular og barnehagar er for seine med å oppdage psykiske vanskar hos barn, og også for seine med å henvise vidare.

Det er imidlertid ei **satsing på psykologisk førstehjelp i barnehagar og skular i Suldal**.

Psykologisk førstehjelp er eit forebyggjande sjølvhjelpsverktøy som skal rusta barn og unge til å handtera vanskelege situasjonar. I tillegg gjekk barnehagane i 2018 bort i frå ambulerande spesialpedagogar til fordel for faste støttepedagogar direkte i barnehagane³². I tillegg til å jobba direkte med barna, skal støttepedagogane også rettleia det øvrige personalet.

I intervju blir det peika på at det i saker som omhandlar oppfølging med **familiar ofte er tidleg involvering av blant anna helsestasjon, skule, barnehage og PPT**. Det blir imidlertid framheva at det i slike saker ofte **er veldig lange forløp**: «Det tar tid å avklare ting hos barn og unge kjenner eg på». Dette knytast til at BUP ofte skal ha ein klar rapport frå PPT før dei tar saken. Samstundes kan det ta månadar før PPT blir kopla på, som igjen skal ha månadar med evaluering³³. I mellomtida er det hovudsakeleg fastlegane i kombinasjon med helsesjukepleiarar som står for oppfølginga. Er det snakk om ungdom i 17-årsaldaren som slit, kan dei av og til få innpass hos psykisk helse for vaksne.

Men det er altså fleire som har opplevd at saker har kome inn altfor seint, og at mykje kunne ha blitt gjort tidlegare: «Mange burde hatt hjelp som dei ikkje har fått». I samband med at Suldal i 2017 blei ein BTI-kommune, utførte kommunen ein «**ståstedsanalyse**» der alle tilsette som jobba med barn og familiar blei tilsendt ein spørjeundersøking. Spørsmåla omhandla blant anna rutinar, kjennskap til andre tenester, kompetanse og handlingskompetanse. Det kjem blant anna fram at:

- I barnetenestene var det totalt 34 prosent som svarte at dei er ganske eller sær gode til å identifisere teikn/symptom på barn og unge som lev i risikoutsatte familiesituasjonar.
- I barnehagane var talet 22 prosent.
- Frå barnehagane og skolene kjem det også fram at mens 83 prosent rapporterte å ha vore bekymra for eit barn dei siste to åra, var det 28 prosent som hadde satt i gang tiltak.

³² Kjelde: Tilstandsrapport for barnehagane, skulen og SFO 2018 og 2019. Barnehagane har til saman 1,6 årsverk til støttepedagog fordelt på fem av syv barnehagar. Dei to resterande barnehagane vil få rettleiing ved behov.

³³ Opplyst i intervju.

Ståstedsanalyse undersøkte også kva slags barrierar som kunne bidra til å hindre aktørane til å handle hensiktsmessig i bekymringssakar (sjå vedlegg).

Frå tilstandsrapporten for barnehagane, skulen og SFO 2019 kjem det fram at ein i barnehagane ser ein tendens til at ein større gruppe barn har utfordringar spesielt innan utfordrande åtferd, og at dei tilsette etterspør rettleiing:

«Tilsette i barnehagen kan til tider stå ovanfor saker som er utfordrande å løysa. Her er det behov for eit rettleiarteam som kan rettleia personalet når det trengs. Ein kan også sjå slike tendensar i skulen, og desto viktigare er det at dette blir jobba godt med i barnehagen».

Samstundes blir det peika på at overgangen barnehage-skule og barneskule-ungdomsskule er noko dei ser at fleire barn opplev som utfordrande, og som kommunen kan jobbe endå betre med: «Det blir brukt mykje ressursar i skulen for å «brannsløkka» utfordrande åtferd, og ein ser at nokon barn har det vanskeleg i denne overgangen. Det gir oss nokon signal om at me må vurdere vår eigen praksis». Moglege løysningar tilstandsrapporten skisserer er overgangspedagog, eit rettleiingsteam, eller kompetanseheving.

5.4 BETRE TVERRFAGLIG INNSATS

Når det gjeld tidleg innsats blir BTI-modellen beskrive som sentral. Modellen tilbyr struktur, verktøy og rutinar som gjer det lettare for dei tilsette som jobbar med barn å vite kva dei skal gjere når dei får ein bekymring. Den blir også beskrive som «*ein trigger for at noko skal skje*», da den gjer klare føringar på at ein ikkje skal bekymre seg for lenge før ein sett i gang tiltak. I ståstedsanalysen kom det fram at «små forhold» var ein av barrierane til å handla hensiktsmessig i bekymringssakar, og da særleg for barneskulane. I intervjuar blir det peika på at BTI-modellen, ved å ha ein «standard» modell og praksis som er lik for alle, blant anna kan bidra til å redusere denne barrieren.

Vidare blir det også påpekt at BTI-modellen kan bidra til å lette overgangane mellom barnehage og skule, samt barneskule og ungdomsskule. Desse overgangane blir beskrive som sårbare periodar som har vore vanskelege på grunn av manglande overlapping. Ettersom eit av formåla med BTI-modellen er å forhindre oppfølgingsbrot, kan den bidra til å gjere desse overgangane mindre sårbare.

I intervjuar blir vi fortalde at sjølv om prosjektet formelt sett har gått over i drift³⁴, er det på mange områder framleis i ein implementeringsfase. Vi får opplyst at det er sjølv *endringa* som er mest utfordrande: «*Når ein har hatt ein praksis over lengre tid, er eit nytt system*

³⁴ Vi får opplyst at prosjektet gjekk over til drift hausten 2019.

kravande». Prosjektkoordinatorane er derfor enda tett på tenestene, og jobbar jamleg med å tydeleggjere informasjon og sende ut påminningar om å bruke BTI-rettleiaren.

Vi blir opplyst om at dei opplev ein sakte, men sikker, endring i praksis i samsvar med BTI-modellen ute i tenestene. For å sikre implementering ute i einingane har alle einingar som jobbar med barn, unge, familiar eller gravide ein BTI-agent. Desse skal fungere som pådrivarar for BTI-arbeidet i Suldal. Desse har samlingar to gonger i året. Kommunen har som tidlegare nemnt også oppretta BTI-team – eit tverrfagleg team som møtes for å diskutere systemsakar.

På heimesidene til Suldal kommune står det at det i tråd med BTI-modellen vert brukt ein **elektronisk stafettlogg** i samhandlinga mellom kommunale tenester og familien. **Vi får imidlertid opplyst at stafettloggen pr. 01.12.2020 enda ikkje er operativ.** Vi blir fortalde at tenestene opplev eit behov for stafettloggen, og at kommunen blir kontakta av tenester som etterspør dette verktøyet. Det tekniske skal vere på plass, men det står framleis att ein del opplæring ute i tenestene og blant einingsleiarane. *«Det vi gjer nå er at vi prøver å finne nokon vi kan stimulere til å sette i gang».*

5.5 VURDERING

Etter vår vurdering er det relativt dårlege føresetnader i Suldal for å setja inn innsatsen tidleg på psykisk helse-feltet. Dette blir grunngitt i punkta under

- Låg ressursinnsats retta inn mot psykiske helsetenester for barn og unge og endå lågare ressursinnsats i praksis
- Fravær av eit eige barne- og familieteam
- Ingen helsesjukepleiarar
- Fleire tilbakemeldingar i intervjuar om at ein ikkje er gode nok til å førebygga psykiske vanskar
- Indikasjoner på at barnehagar og skular melder for seint
- Det er mange frå barnehagane som rapporterte at dei bekymra seg i 2018, men det var få som sette i gang tiltak
- Lavt forbruk av psykiatriske spesialisthelsetenester, både innan voksen- og barnepsykiatrien. Dette blir omtalt som eit underforbruk.

6 TILGJENGELEGE OG KJENTE TENESTER?

Sidan vi har brukt mykje plass på dei andre avsnitta, prøver vi å fatta oss i korthet her.

Vaksne. Hovudbildet er at det psykiske helsehjelpstilbudet for vaksne både er tilgjengeleg og kjent. Det går fort å komma til når ein har behov for hjelp. Nokre gonger tar det berre nokre dagar, og det går sjeldan over sju dagar før brukarane blir gitt eit tilbod.

Også Loftet blir beskrive som tilgjengeleg og kjent. Frå brukarhald får vi opplyst at kjennskapen til Loftet har endra seg dei siste ti-femten åra, og at det er langt fleire brukarar av tilbodet der no enn før. Ein av brukarane sa det slik: *«Loftet har eit heilt anna rykte i dag enn tidlegare. Det har vore framsnakka i mange år, både av personal og brukarar. Det er eit fantastisk lokale, heilt unikt, og har både snikkar- og keramikkverkstad.»*.

På Loftet er det måndag³⁵- og onsdagsgruppe for ungdomar/unge vaksne og torsdagsgruppe for vaksne. Det som er litt spesielt er at det berre er gutar på ungdomsgruppa og berre damer på vaksengruppa. Dette er sjølv sagt ikkje intendert frå kommunen si side, men har berre vorte sånn. I intervjuet får vi opplyst at det har vore slik i ungdomsgruppa over lengre tid, medan det har vore ei blanding av kvinner og menn i vaksengruppa, og at kjønnsbalansen no ikkje er representativ.

Tidlegare hadde Loftet også tilbod om lågterskel rusgruppe. Denne har imidlertid blitt avvikla på grunn av bemanning. Intervjua tydar på at dette tilbodet er sterkt sakna blant brukargruppa. Det blir trekt fram at det ikkje nødvendigvis er så lett for denne brukargruppa å nytte dei alternative tilboda på Loftet, og at *«det er veldig viktig at dei også har eit tilbod»*.

Når det gjeld barn og unge er hovudbildet at dei psykiske helsetenestene ikkje er spesielt tilgjengelege, som vi tidlegare har vore inne på. Når det gjeld i kva grad tenestene er kjente, er bildet noko blanda, og bør nyanserast:

- Kommunepsykologen er kjent, men lite brukt av barn og unge, og intervjua tyder på at ein del potensielle samarbeidspartnarar ikkje veit at stillinga i utgangspunktet er tiltenkt barn og unge
- Barne- og familieteamet er marknadsført, nokså kjent, men ikkje tilgjengeleg
- Det psykiske helsehjelpstilbudet på helsestasjonen har ein redusert tilgjengelegheit, sidan kapasiteten er kraftig redusert. Dette påverkar òg kjennskapen: *«Ein reklamerer mindre for seg sjølv når ein veit ein ikkje har kapasitet»*.
- Enkelte peikar på at barn, ungdom og deira føresette er usikre på kvar dei skal henvenda seg

³⁵ Måndagsgruppa blir drifta av Mental Helse

7 BRUKARMEDVERKNAD OG BRUKAROPPLEVINGAR

7.1 INNLEIING

Ein av problemstillingane i prosjektet var korleis brukarane opplev tilbodet. I gjennomgangen syntest vi det var mest naturleg å behandla brukaropplevingane undervegs, i staden for å behandla det som eit eige punkt. Det betyr at brukarstemma er representert i gjennomgangen av tilbod, organisering, samhandling, tidleg hjelp, og tilgjengelegheit og kjente tenester. I denne delen blir derfor berre behandla brukarmedverknad

Vi har ikke sett på brukarmedvirkningen i konkrete enkeltsaker, men på brukernes opplevelse av brukarmedvirkning og brukarmedvirkning på systemnivå.

Ifølge helsedirektoratets veileder gir brukarmedverknad fordeler til alle, dvs. brukarane får innverknad og mestring, det skaper legitimitet og det gir betre tenester.

Ifølge helse- og omsorgstenestelova § 3-10 skal kommunen sørge for at brukarar blir høyrde ved utforminga av tenestetilbodet, at det blir etablert system for innhenting av erfaringane til pasientar og brukarar og synspunkter, og at det blir lagt til rette for samarbeid med organisasjonane i brukargruppene

7.2 BRUKARMEDVERKNAD

Brukarundersøkingar. Heimetenesten gjennomfører jevnlege brukerundersøkelser, sist gang i 2017. Denne omfatter alle brukarar som får tenester frå heimetenesten, også vaksne brukarar av psykiske helsetenester. Det er ikkje noko tilsvarande for barn og unge som får psykiske helsetenester.

Undersøkelsen inneheld standardsspørsmål som alle som mottar ulike typer hjemmetenester får³⁶. Hovedbildet er at brukerne av heimet i Suldal (inkludert vaksne brukere av psykiske helsetenester) er svært fornøyde med tenesten. Totalsnitt i Suldal er på 5,4, i Norge er snittet 4,8. Undersøkelsen inneheld fire indikatorer på brukarmedvirkning. Desse får et snitt på 5,3 (av 6 moglege), det nasjonale snittet er på 4,4. Døme her er: *Jeg får være med å bestemme hvilken hjelp jeg skal motta (5,6), jeg får være med å bestemme hvordan hjelpen skal utføres (5,1)*

³⁶ Døme: De ansatte utfører arbeidsoppgavene på en god måte, eg får den hjelpen eg trenger slik at eg kan bo hjemme. Også en rekke spørsmål om respektfull behandling, tilgjengelegheit, informasjon, brukarmedvirkning og helsetsvurdering.

Tenester for voksne. I intervjuet blir vi fortalde at brukarmedverknad er noko dei tilsette er veldig opptatt av. Dette kjem til dømes til uttrykk gjennom å spørje «*kva er viktig for deg*», og at ein saman definerer mål å jobba mot.

Tilbakemeldingane tydar på at brukarane medverkar i utføringa av tenestene, til dømes ifm. samtaletilboda eller Loftet.

Vi blir også opplyst om at dei ulike metodane dei tar i bruk også er med på å støtte opp om brukarmedverknaden. Eksemplar på slike metodar er recovery³⁷ eller motiverande intervju.

Kommunen har involvert to brukarrepresentantar i prosjektgruppa til strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam. Desse er med hovudsakeleg gjennom prosjektmøter og workshops, og statusmøter 3-4 gonger i året. Det ble også gjennomført brukarintervju i starten på prosjektet.

Tenester for barn og unge. I spørjeundersøkinga som danna grunnlag for ståtedsanalysen som blei gjennomført i samband med BTI-modellen (2018), måtte respondentane ta stilling til påstanden: «*Min teneste er meget god til å involvere barn i bekymringssakar*». Resultata viste at 5 prosent av dei tilsette i barnetenestene var einige i dette (dvs. barnehager og skoler), mens 16 prosent av dei tilsette i hjelpetenestene var einige i dette (til dømes helsestasjon, PPT, barnevern). Eitt av hovudmåla med Suldal sin BTI-modell blei derfor å sikre brukarmedverknad – ikkje berre for barn og unge, men også foreldra³⁸.

Erfaringane så langt, i samband med BTI, er at tenestene har blitt meir bevisste på brukarmedverknad. Både i form av at det har vore mykje fokus på det i BTI-samanheng, men òg fordi tenestene har fått konkrete verktøy. Samstundes er BTI-rettleiaren tydeleg på at barn og foreldre skal involverast. Det blir imidlertid framheva at ein stadig må «*trene på det og ha fokus på det, slik at brukarmedverknad står høgare*». Samstundes blir det påpeika at «*Men vi er ikkje der vi bør vere*», og at dette er noko som kjem til å bli etterspurt av tenestene i det vidare arbeidet med BTI.

Til liks med prosjektet om strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam, engasjerte også BTI-prosjektet to brukarrepresentantar i prosjektgruppa. Vi får opplyst om at desse representantane blant anna bidrog til å forenkle språk og informasjon, og kom med råd angående samordning av møter og møtefrekvens. Då prosjektet gjekk over til drift hausten 2019, blei prosjektgruppa til ein

³⁷ Recovery er eit fagleg perspektiv som tar utgangspunkt i at betring er ein sosial og personleg prosess, der målet er at den enkelte kan leva eit meningsfullt liv trass i dei avgrensingane problemet kan forårsaka. Myndiggjøring og gjenvinning av kontroll over eige liv er sentrale element i betringprosessen (Kjelde: *Sammen om mestring - Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne – et verktøy for kommuner og spesialisthelsetenesten* (Helsedirektoratet: 2014)).

³⁸ Opplyst i intervju.

ekspertgruppe³⁹. Brukarrepresentantane er framleis inkludert i denne gruppa. Frå prosjektmedarbeidarane blir det peika på at det hadde vore interessant å «ikkje berre hatt «...vaksne brukarrepresentantar, men også unge» og at ein har prøvd å involvera ungdomsrådet.

Suldal kommune har eit aktivt lokallag i Mental helse, med mange engasjerte representantar. Dei arrangerer mellom anna ei måndagsgruppe på Loftet. De har mykje positivt å seie om det kommunale tilbodet, men saknar faste møter med dei kommunale leiarane, til dømes ein gong i året eller halvåret.

7.3 VURDERING

Ståstedsanalysen fra 2018 tyder på at Suldal har eit betydeleg betringspotensial mht. å involvere barn og unge i bekymringssaker. Det er derfor bra at eitt av hovudmåla med Suldal kommunes BTI-modell er å sikra brukarmedverknad, og erfaringane så langt er at tenestene er blitt meir bevisste på dette.

Så langt er det vaksne brukarar som har vore involvert i brukarundersøkingar og utvikling av nye samarbeidsprosjekt. Etter vår vurdering bør kommunen også vurdere å involvere yngre brukarar i utviklinga av det psykiske helsehjelpstilbodet til barn og unge, ikkje minst fordi det er på dette området Suldal kommune har størst betringspotensial.

Suldal kommune har eit aktivt lokallag i Mental helse, med mange engasjerte representantar. Dei har mykje positivt å seie om det kommunale tilbodet, men saknar faste møter med dei kommunale leiarane, til dømes ein gong i året eller halvåret. Etter vår vurdering høyrast dette ut som ein god ide, både fordi lokallaget kan vera ein viktig ressurs for kommunen og motsett.

³⁹ Dei møtes ein gang i året, og elles ved behov.

VEDLEGG

7.4 AVGRENSNING OG METODE

Hovuddelen av merksemda i dette prosjektet er retta mot det psykiske helsehjelpstilbodet i Suldal kommune, herunder samtaletilbod, miljøtenester og aktivitetstilbod. I tillegg har vi, med bakgrunn i informasjonen som kom fram i datainnsamlinga, lagt særleg vekt på tilbodet til barn og unge.

I samband med problemstillinga om korleis samhandlinga mellom dei mest sentrale aktørane som yter tenester til personar med psykiske problem fungerer, har vi avgrensa oss til utelukkande kommunale/interkommunale tenester. Med andre ord har vi ikkje intervju representantar frå spesialisthelsetenesta. Dei sentrale aktørane vi valte ut med henblikk på samhandling er eining for psykisk helse, legar, barnevern, kommunepsykolog, helsestasjon og NAV (rus). Sistnemnde blei tatt med i prosjektet fordi nasjonale tal tydar på at dei fleste rusmisbrukarar òg har ei psykisk liding.

I prosjektet har vi føretatt ein såkalla metodetriangulering av data. Dette inneber at dei ulike problemstillingane blir belyst gjennom bruk av forskjellige datakjelder. Rapporten bygger på ei rekke intervjuar, dokumentanalysar og analysar av statistikk og tal. Bruken av både kvalitative og kvantitative data bidrar til å gi ulike perspektiv på analysegrunnlaget. For eksempel er antakelser basert på tall- og dokumentanalysar testa ut i fleire intervjuar.

7.4.1 KJELDER

Intervju

I tråd med kvalitativ metode har vi tatt utgangspunkt i strategisk utval av informantar. Eit slikt utval bygger på ei systematisk vurdering av kven som er mest relevant og interessant å intervju i forhold til prosjektets formål og problemstillingar. Samstundes har vi einskilte innslag av snøballutvelging, då einskilte informantar blei valt ut på bakgrunn av tips frå tidlegare informantar.

Vi har intervju totalt 45 personar:

- 12 brukarar og 2 føresette til unge brukarar
- 7 tilsette ved eining psykisk helse
- Leiar for eining psykisk helse
- Representant frå barnevernet
- Kommunepsykolog
- 3 tilsette ved helsestasjonen
- 2 legar

- 2 representantar frå NAV: leiar og ruskonsulent
- Leiar for Suldal bu- og aktivitetstiltak
- Leiar for Rysteg
- 4 representantar frå Mental Helse
- 2 prosjektkoordinatorar for BTI
- 2 prosjektkoordinatorar for Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam
- Oppstartsmøte med rådmann og kommunalsjef
- Tildelingskontoret
- Leiar psykisk helse og rus i Sauda

Brukarane vi har intervjuar blei henta frå/rekruttert gjennom både eining psykisk helse, helsestasjonen og Mental Helse i Suldal.

Det skal nemnast at alle intervjuar blei gjennomført hausten 2020, dvs. i koronaperioden. Derfor er alle intervjuar utført per Teams, telefon eller liknande.

Dokumenter

Vi har gått gjennom ei rekke styringsdokument og rapportar:

- Handlingsplan og organisering for psykisk helse og rusarbeid i Suldal kommune (2020)⁴⁰
- Ståstedsanalyse utført i samband med BTI-prosjektet i 2017
- Organiseringa av heimetenester
- Arbeidsdokument og forslag til organisering for barne- og familieteamet
- Tilstandsrapportar for barnehagar og skular i Suldal, 2017-2019
- Tilsynsrapport helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming frå 2018
- Ungdata-rapport 2019
- Sintef-rapport om kommunalt psykisk helse- og rusarbeid frå 2019
- BrukerPlan-kartlegging 2018
- Brukarundersøking 2017 for heimetenesta
- Brukartilfredshetsevaluering av kommunale tenester blant personar med rusmiddelproblem 2020 frå Kompetansesenter rus
- Arbeidsmiljørapport frå Bedriftshelsetenesta **Tal/statistikk**
- Tal om ressursfordeling frå Sintef
- Brukardata frå kommunen
- Tal om forbruk av psykiatriske spesialisthelsetenester frå Helse Vest
- Tal frå BrukerPlan
- Tal frå brukartilfredshetsevaluering frå Kompetansesenter rus

⁴⁰ Planen er ikkje datert, men vi får opplyst frå leiar av psykisk helse at planen er frå 2020. Den er ikkje politisk behandla.

Vedlegg 1: Tabell – barrierar som i stor/nokon grad hindrar meg i å handle hensiktsmessig bekymringssakar ⁴¹

Barrierar som i stor/nokon grad hindrar meg i å handle hensiktsmessig i bekymringssakar	Barnehage	Barneskule	Ungdomsskule
For lite tid til å følge opp	54%	53%	65%
Redd for å øydelegge relasjonen	52%	69%	29%
Små forhold	47%	69%	31%
Vanskeleg å vite korleis eg skal handle	48%	46%	59%

⁴¹ Utdrag av tabell i ståtedsanalysa vi har fått tilsendt av kommunen. Uthevingane samsvarar med originaltabellen.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.21	05/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «KRITISK KOMPETANSE»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Kritisk kompetanse» i samsvar vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 300 timar.

Vedlegg: «Kritisk kompetanse» - prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen jamleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 12.11.20, sak 25/20:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av «Kritisk kompetanse» i neste møte.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som er vedlagt saka.

Revisjonen har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

Føremålet med prosjektet er å undersøkje korleis Suldal kommune identifiserer kompetansegap og kva kommunen gjer for å lukka eventuelle gap.

Problemstillingar:

- I kva grad har Suldal kommune eit gap mellom kva kommunen har og kva som trengs av kompetanse?*

- *Kva slags tiltak vert nytta for å lukka eventuelle kompetansegap:*
 - o Rekrutteringstiltak?*
 - o Kompetanseutvikling og opplæring av eigne tilsette?*
 - o Nyttiggjering og samhandling av kompetanse på tvers av tenesteområda?*
- *Korleis arbeidar kommunen med å få ned sjukefråværet?*

Rogaland Revisjon IKS vil gjennomføra prosjektet i løpet av våren, for venteleg å levera rapport hausten 2021. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på ca. 300 timar. Det er lagt inn eit budsjett for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar på inntil 400 timar i 2021. Revisor har levert rapporten om «Psykisk helsehjelp» til møtet i dag, 11.02.21. Dette oppdraget hadde ei rame på 200 timar. Revisor brukte 285 timar på prosjektet i 2020. Arbeidet er dermed i hovudsak utført og kostnadsført i 2020.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdere om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 04.11.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Kritisk kompetanse


Suldal kommune, 2020

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Suldal kommune ba i møte 12.11.2020 om utkast til prosjektmandat for gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon med temaet «Kritisk kompetanse».

Statistisk sentralbyrå sin prognose for Suldal dei neste 20 åra syner ein kraftig reduksjon i talet på innbyggjarar i den arbeidsføre delen av befolkninga. Folketalet vil gå noko ned, frå 3804 i 2020 til 3691 i 2040, men den største endringa vil vere ei forskyving i aldersgruppene. Dei eldste aldersgruppene vil få ei auke, medan dei andre aldersgruppene vil få ein reduksjon:

Figur 1 – Statistisk sentralbyrå sin befolkningsprognose for Suldal fram mot år 2040



(Kjelde: SSB. Hovudalternativet MMM).

I Kommuneplan 2015-24 set kommunen som mål at fleire skal bu og arbeide i Suldal. Ikkje berre er det viktig at tilflytta innbyggjarar blir verande i Suldal, men det er òg viktig å få utflytta Suldalsungdom til å flytta tilbake når dei stiftar familie. For å lukkast med dette vert ulike tiltak skissert, som til dømes at:

- Kommunen skal sørge for tilgjengelege bustadtomter på Sand og i grendesentra, og arbeida for å oppretthalda områder med spreidd busetnad.
- Skulle det dukka opp søknader til kommunen som kan føra til nye arbeidsplassar, vil kommunen freista å vere open for å gi dispensasjon frå vedtekne planar.
- Kommunen skal sørge for å ha utleigebustader tilgjengeleg.

I likskap med mange andre bygdekommunar, har Suldal kompetanseutfordringar. I årsmelding for 2019 kjem det fram at kommunen har vanskar med å sikra nok kvalifiserte søkarar til stillingar som sjukepleiar, helsesjukepleiarar, legar og lærarar. Hausten 2020 har kommunen fått tilsett fire legar, noko som gjer at behovet no er dekket. Men framleis treng kommunen fleire sjukepleiarar, helsesjukepleiarar og lærarar. I 2020 har kommunen dessutan opplevd utfordringar knytt til rekruttering av leiarar til ulike stillingar, som til dømes rektor.

I «Strategisk kompetansestyring» (Linda Lai 1997:109) vert vi minna på at det finst fleire måtar å lukka eit kompetansegap på:

- 1) Tilskot av ny kompetanse gjennom rekruttering,
- 2) Nyttiggjering av eksisterande kompetanse ved samhandling og fleksibel bruk av kompetansen
- 3) Auka kompetanse gjennom opplæring.

Suldal kommune sin Økonomiplan m/ handlingsplan 2021-24 skisserer ei rekke tiltak, og blant desse finn vi kompetanseutvikling. Her kan vi lese at kommunen skal søka «skapa ein kultur for læring, samstundes som ein satsar på etter- og vidareutdanning». Av tiltak knytt til kompetanseheving kan nemnast:

- Gjennomføring av leiarutdanning for kommunale leiarar
- Utvikling av framtidige leiartalent og gjennomføring av leiarutdanning for desse
- Tilsette som vil sikra seg høgare kompetanse skal få tilbod om stipend og opptil 30 prosent reduksjon av stilling.
- Tilsette fagarbeidarar skal få tilbod om utdanning til barnehagelærar, sjukepleiarar og jordmor gjennom ei desentralisert ordning.

For skulane vil det frå 2025 vere krav om eit bestemt tal studiepoeng for å undervisa i fag som norsk, matematikk og engelsk. Av denne grunn prioriterer kommunen desse faga når lærarar søker om vidareutdanning. Andre fag som vert prioritert er Spesialpedagogikk og Profesjonsfagleg digital kompetanse.


Skuleåret 2019-20 har 4 prosent av dei tilsette lærarane i Suldalsskulen ikkje godkjend utdanning. Dette er ei betring frå skuleåret året før, då 11,1 prosent ikkje hadde godkjend utdanning:

	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Del av undervisning gitt av undervisningspersonal med godkjend utdanning	94,3	99,6	89,2	91,3	88,9	96

(Kjelde: Grunnskulane sitt informasjonssystem, GSI)

Kvart år utarbeider Suldal ei samla oversikt over aldersfordelinga blant dei tilsette i kommunen. Ved å samanlikna tala for dei siste fire åra, kan vi sjå på utviklinga over tid;

Figur 2 – Historisk utvikling i alderssamansetninga til dei tilsette i Suldal kommune



Av figuren kan vi sjå at medan prosentdelen som hadde passert 50 år var 41 prosent i 2016, var tilsvarende prosentdel i 2019 43 prosent. Skilnaden er ikkje stor, men begge dei to yngste aldersgruppene har hatt ein nedgang.

For kommunen vil det vere mogleg å nytta seg av arbeidskraftreservane som kan løysast ved mindre bruk av deltid og lågare sjukefråvær. I Suldal kommune er det eit uttalt mål å få fleire tilsette til å arbeida i heile stillingar¹. Dei tre siste åra har utviklinga gått mot større stillingar og fleire heiltidsstillingar, men framleis er det berre ein knapp tredel av stillingane som er fulltidsstillingar:

	2017	2018	2019
Prosent heiltidsstillingar	24 %	25 %	29 %
Gj. snittleg stillingsstorleik alle tilsette	67 %	69 %	70 %
Gj. snittleg stillingsstorleik deltidstilsette	59 %	58 %	57 %


(Kjelde: Sak 023/20 AMU)

¹ Dette er ei målsetting som kjem fram i kommunen sin Plan for å behalde og rekruttere frå 2014. I høve til gjeldande Planstrategi skal planen reviderast i 2022

Å få til heile stillingar vil vere enklast på arbeidsplassar der ein ikkje arbeider på helg. For tilsette i einingar med helgearbeid, typisk innan pleie og omsorg, må arbeidsgjevar leggja til rette for eit samarbeid med dei tillitsvalde, og søkje finna løysingar i tråd med lov- og avtaleverk.

Eit anna viktig element i kommunen sitt arbeid med å sikre seg tilstrekkeleg kompetanse og arbeidskraft til ei kvar tid, vil vere arbeidet med å få til eit lågt sjukefråvær. I 2019 enda sjukefråværet i Suldal kommune på eit rekordhøgt nivå, nærare bestemt 9,9 prosent. Dette var godt over landsgjennomsnittet for kommunesektoren (4,9 prosent) og kommunen sitt eige måltal på 6 prosent;

Figur 3 – Utvikling i sjukefråvær i Suldal kommune



(Kjelde: Suldal kommune)

Som vi kan sjå av figuren har sjukefråværet blant dei tilsette i Suldal kommune vist ei kraftig auke dei seinare åra. Kommunen har innført fleire tiltak, deriblant kartlegging av arbeidsmiljøet. Kommunen gjennomfører systematiske kartleggingar av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet gjennom medarbeidersamtalar, medarbeidarundersøkingar, vernerundar og rapportering/oppfølging av avvik. Kommunen har dessutan inngått eit tettare samarbeid med kommunen sin bedriftshelseteneste.

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Suldal kommune ba i møte 12.11.2020 om eit utkast til mandat for forvaltningsrevisjon, med temaet «kritisk kompetanse».	<u>Problemstillingar:</u> • I kva grad har Suldal kommune eit gap mellom kva kommunen har og kva som trengs av kompetanse? • Kva slags tiltak vert nytta for å lukka eventuelle kompetansegap: ○ Rekrutteringstiltak? ○ Kompetanseutvikling og opplæring av egne tilsette? ○ Nyttiggjering og samhandling av kompetanse på tvers av tenestoområda? • Korleis arbeidar kommunen med å få ned sjukefråværet?
<u>Føremål:</u> Føremålet med prosjektet er å undersøkje korleis Suldal kommune identifiserer kompetansegap og kva kommunen gjer for å lukka eventuelle gap.	

Skulle datamaterialet tilseie det, kan revisor gjera mindre endringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriteria er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdere funna i dei undersøkingane som blir gjennomførte. Kriteria skal vera grunngjevne i, eller utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.

I dette prosjektet blir lagt følgjande kjelder til grunn for utvikling av revisjonskriterium:

- Økonomiplan med handlingsprogram (2021-24)
- Kommuneplan (2015-24)
- Strategisk kompetanseplan (2016)
- Plan for å rekruttere og behalde (2014)

Dei endelege revisjonskriteria vil verta utleia undervegs i prosjektet.

AVGRENSNING OG METODE

I prosjektet vil vi kartleggja kva Suldal kommune gjer for å identifisera kompetansegap og korleis dei bruker rekruttering og kompetanseutvikling for å lukka eventuelle kompetansegap. Personal- og organisasjonsavdelinga har eit overordna ansvar for å identifisera kompetansegap og lukka gap. Tenestoområda har eit ansvar for å overvaka eige tenestoområde, rekruttera etter behov og utvikla kompetansen til egne tilsette.

Datainnsamlinga vil basere seg på ulike datakjelder:

- Skriftleg materiale: Dokument som beskriv mål, strategiar og tiltak, og rapportar på framdrift og status i forhold til implementering av tiltak og mål.

- o Statistikk: Tilgjengeleg talmateriale frå kommunen og SSB.
- o Intervju: Sentrale nøkkelpersonar i kommunen vert intervjuar.

I prosjektet vil vi gjere ein såkalla metodetriangulering av data. Dette inneber at dei ulike problemstillingane vert undersøkt gjennom bruk av ulike datakjelder. Trianguleringa skal bidra til å utvida og forsterka datagrunnlaget i analysen, samtidig som ulike innsamlingsmetodar gir ulike perspektiv på analysegrunnlaget. Opplysningar frå dokument- og nøkkeltals-analysar vert testa ut i intervju, og påstandar i intervju vert testa ut gjennom å henta inn nye data/ oppfølgingssamtalar.

OMFANG

Prosjektet vert utarbeid av forvaltningsrevisor, Frode K. Gøthesen i samarbeid med forvaltningsrevisor, Ståle Opedal. Det vert lagt opp til eit tett samarbeid med representantar frå kommunen.

Tid til prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er rekna til omlag 300 timar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.21	05/21
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2020 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2020 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for 2020

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2020 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2020 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 04.02.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I SULDAL



ÅRSMELDING

2020

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta, og handsama i 2020.

I følgje kommunelova § 23-5 skal **"kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret"**.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen og selskap som kommunen eig eller er deleigar i gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar Tormod Skeie (SV)
 Nestleiar Henrik Halsne (Ap)
 Medlem Ragnhild Sukka (V)
 Medlem Eldbjørg Sivertsen (Uavh)
 Medlem Per Gudmund Øxtra (Sp)

Varamedlemmer:

1. Dag Fisketjøn (V)
 2. Astrid Brommeland (Sp)
 3. ~~Janneke Wijergangs (MDG)~~

Per Gudmund Øxtra er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Janneke Wijergangs fekk etter vedtak i kommunestyremøtet 22.09.20 fritak for perioden 2019-2023. Astrid Brommeland blei i same møte vald som 2. vara.

Utvalslleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Ho har ikkje møtt i 2020. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han, eller andre frå administrasjonen har delteke i alle møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2020

Kontrollutvalet har i 2020 hatt **4** (5) møte fordelt på to møte første halvår og to møte andre halvår. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held møta på rådhuset.

Utvalet har hatt **27** (26) saker til handsaming, kor **6** (8) saker blei oversendt til kommunestyret. **42** (41) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland 9. januar deltok alle fem medlem. På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) på Gardermoen 29. - 30. januar deltok også alle faste medlem. Konferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni blei avlyst som følgje av koronapandemien.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytt til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk (GKR) og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 25.05.20, sak 02/20 kommunen sin årsrekneskap for 2019 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 11,5 mill.kr.

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 57,7 mill. kr, som utgjer 10,1 % av driftsinntektene. Resultatet var også i fjor i toppsjiktet blant norske kommunar. Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapa. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

Årsrapport og skatterekneskapen 2019 frå Skatteoppkrevjaren vart lagt fram til orientering i same møte.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 blei utarbeida i 2020, og var basert på ein Risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen, etter innstilling frå kontrollutvalet, i møtet 22.09.20, sak 65/20.

Arbeidet med planen starta på våren og det blei av revisjonen utarbeida utkast til plan med risiko – og vurderingar til maimøtet. Utvalet drøfta planen i juni og kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

- Miljøtenesta (2020) – (Psykisk helsehjelp)
- Kritisk kompetanse (2021)
- Førebygging og tidlig innsats (2021)
- Styring og kontroll med investeringsprosjekt (2022)
- Forbetring og effektivisering (2022)
- Legetenesta og legevakta (2023)
- Integrering av flyktningar (2023)

Kontrollutvalet handsama oppfølging av rapport om «Klima og energiplan» i junimøtet. Kommunestyret tok oppfølginga til orientering i møtet 22.09.20, sak 59/20.

Utvalet har tinga to rapportar for levering i 2021. Det gjeld revisjon av «Psykisk helsehjelp og miljøtenesta» og «Kritisk kompetanse».

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll. Planen for eigarskapskontroll 2021-2024 blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.09.20, sak 65/20. I planen er IVAR IKS prioritert prosjekt.

I septembermøtet blei oppfølging av rapporten om «Eigarskapsforvaltning» handsama. Kommunestyret handsama oppfølgingssaka i møtet 15.12.20, sak 85/20, og tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

4.4 REVISOR/REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Suldal kommune blei fullverdig eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.01.17.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor var i 2020 Tore Kristensen med kontor i Stavanger.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har møtt ein eller fleire revisorar frå Rogaland Revisjon IKS på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapportar frå forvaltnings-revisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har handsama revisor si eigenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL (NYTT)

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt, ifølgje ny kommunelov, å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette er omtalt som ei ny oppgåve for revisor, kalla i § 24-9 «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon IKS kom med si uttale for rekneskapsåret 2019 i haust (utsett frist i år). Revisor hadde undersøkt om Suldal kommune hadde etterlevd Vedtekter for Ulla-Førre næringsfond. Revisor hadde ingen merknader.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I junimøtet blei utvalet orientert om «Snøscooterkjøring og løyver».

Utvalet vedtok ein plan for orienteringar frå administrasjonen i maimøtet. Rådmannen orienterte om sitt ansvarsområde i juni. Kommunalsjef for utvikling, plan og teknisk orienterte i september. I novembermøtet deltok kommunalsjef for helse og omsorg.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn og framlegg til budsjett.

5 BUDSJETT/REKNESKAP-KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2020.

TENESTE 1100	REKNESKAP 2019	BUDSJETT 2020 (utvalet)	REKNESKAP 2020
Godtgjersle og driftsutgifter	118 015	255 000	156 886
Revisjonstenester	735 264	855 000	932 280
Sekretariatstenester	177 000	183 000	183 000
Sum utgifter (eks. mva.)	1 030 279	1 293 000	1 272 166

Kontrollutvalet handsama hausten 2020 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2021. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 266 000. Framlegget vart sendt til kommunestyret for handsaming.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 16 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2020, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider der mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Gerd Helen Bø valt som medlem i representantskapet med 1. vara Øyvind Lovra Tveitane og 2. vara Øyvind Valen. Ordføraren deltok på det digitale representantskapsmøtet 27.04.20.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2020 har vore nesten som planlag til tross for koronapandemien. Det er blitt utarbeida nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

Utvalet sendte innstilling om revidering av utvalet sitt reglement til kommunestyret. Utvalet har handsama oppfølging av to rapportar.

Det er tinga to nye rapportar for levering i 2021. Administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Administrasjonen har elles gjort greie for økonomisituasjonen gjennom rekneskap og budsjett, samt andre aktuelle saker. FKT-konferansen i juni blei ikkje arrangert.

Sand, 11. februar 2021

Eldbjørg Sivertsen

Tormod Skeie
Leiar

Ragnhild Sukka

Per Gudmund Øxtra

Henrik Halsne

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2020

Saker til handsaming:

- 01/20 Godkjenning av protokoll frå møte 21.11.19
- 02/20 Suldal kommune – uttale til årsrekneskapen for 2019
- 03/20 Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 – presentasjon av risiko- og vesentlegvurdering og prioritering av prosjekt
- 04/20 Årsmelding for kontrollutvalet 2019
- 05/20 Plan for orienteringar om resultatområda og stabsfunksjonane
- 06/20 Referat- og orienteringssaker 25.05.20

- 07/20 Godkjenning av protokoll frå møte 25.05.20
- 08/20 Referat- og orienteringssaker 11.06.20
- 09/20 Orientering frå administrasjonen – v/rådmannen
- 10/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Klima og energiplan»
- 11/20 Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2021-2024
- 12/20 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 13/20 Reglementet til kontrollutvalet – endringar som følgje av ny kommunelov

- 14/20 Godkjenning av protokoll frå møte 11.06.20
- 15/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef for utvikling, plan og teknisk
- 16/20 Oppfølging av revisjonsrapport – «Eigarskapsforvaltning»
- 17/20 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Psykisk helsehjelp og miljøtenesta»
- 18/20 Revisor si egenerklæring for 2020
- 19/20 Budsjett 2021 – kontrollarbeidet i kommunen – kontrollutvalet sitt framlegg
- 20/20 Referat- og orienteringssaker 17.09.20

- 21/20 Godkjenning av protokoll frå møte 17.09.20
- 22/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef for helse og omsorg
- 23/20 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2019 – revisor si attestasjonsuttale
- 24/20 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsåret 2020
- 25/20 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 26/20 Framlegg til møteplan for 2021
- 27/20 Referat- og orienteringssaker 12.11.20

Saker til orientering:

1. Samhandlinga mellom utvalet, ordfører og rådmann – til diskusjon i møtet
2. Retningslinjer for korleis kontrollutvalsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt – til diskusjon i møtet
3. Statusoversyn pr. mai 2020
4. Kst.vedtak 12.12.19, sak 169/19 – fritak for verv som varamedlem Svein Ø. Berge

5. Fylkesmannen - informasjon om statlige tilsyn med kommunane i Rogaland 2020
6. Protokoll frå representantskapsmøte i RYMI 13.11.19
7. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 21.02.20
8. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 23.04.20
9. Protokoll frå repr.møte i Haugaland kontrollutvalgssekretariat 27.04.20
10. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Kraft AS 30.04.20
11. Innkalling til representantskapsmøte i IKA Rogaland IKS 10.06.20
12. Oversyn over kostnadane til kontroll og revisjon 2019 og budsjett 2020
13. Perioderapportering pr. 31.12.19 frå Rogaland Revisjon
14. Tilbakemelding frå konferansen 09.01.20 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland
15. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontrollutvalg i Rogaland
16. Tilbakemelding frå NKRF konferansen 29. – 30. januar 2020
17. Årsrapport og skatteregnskap for 2019 frå skatteoppkrevjaren i Suldal
18. Samhandlinga mellom utvalet, ordfører og rådmann – til diskusjon i møtet
19. Snøscooterkjøring og løyver - orientering v/rådmannen
20. Framlegg til «Retningslinjer for korleis kontrollutvalsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt»
21. Brev frå Suldal mållag om manglande oppfølging av Målbruksplanen for Suldal kommune, dagsett 24.04.20
22. Førebels svarbrev til Suldal mållag v/Havrevoll, dagsett 07.05.20
23. Statusoversyn pr. juni 2020
24. Medlemsinformasjon mai 2020 – frå FKT
25. Statusoversyn pr. september 2020
26. Perioderapportering pr. 31.07.20 frå Rogaland Revisjon IKS
27. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
28. Protokoll frå representantskapsmøte i Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS 10.06.20
29. Kommunal Rapport «Kontrollutvalget kan kreve at komm.direktøren stiller på møte»
30. Statusoversyn pr. november 2020
31. KST vedtak 22.09.20, sak 45/20 Fritak frå politisk verv
32. KST vedtak 22.09.20, sak 46/20 Val av nytt varamedlem til kontrollutvalet
33. KST vedtak 22.09.20, sak 54/20 Reglementet til kontrollutvalet
34. KST vedtak 22.09.20, sak 59/20 Oppfølging av rapport «Klima og energiplan»
35. KST vedtak 22.09.20, sak 65/20 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
36. Reglement for kontrollutvalet - etter KST vedtak
37. Protokoll frå representantskapsmøte i RYMI 01.09.20
38. Innkalling til repr. møte i Haugland brann og redning IKS – 13.11.20
39. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentanter kan delta digitalt i et ellers fysisk møte
40. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalget
41. Kommunedirektøren kan ikke endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollarbeidet – svarbrev frå KMD
42. Foreløpig invitasjon til Forum for kontrollutvalg i Rogaland sin konferanse i Sandnes 25.02.21